

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: måndag 23.mai 2016 (NB)
Tid: kl. 18.00
Sted: Kårstørommet, Tysvær rådhus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil bli lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert/kalla inn i sak 6 , 7 og 8/16.

Saksliste:

- 5/16 Godkjenning av protokoll frå møte 09.02.16
- 6/16 Orientering frå administrasjonen – personal- og organisasjonssjefen
- 7/16 Eigarskapskontrollen i Tysvær kommune
- 8/16 Uttale om Tysvær kommune sin årsrekneskap 2015
- 9/16 Oppfølging av politiske vedtak
- 10/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
- 11/16 Plan for selskapskontroll 2016-2020
- 12/16 Referat- og orienteringssaker 23.05.16

Eventuelt

Aksdal, 13.05.16

Øystein Susort (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 6-8)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	23.05.16	5/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.02.16

Vedlegg: Protokoll fra møte 09.02.16

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.02.16 følger vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 09.02.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 02.05.16

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 9. februar 2016 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Øystein Susort.

Før møtet gjennomførte KPMG Advisory v/fagansvarlig forvaltningsrevisjon Kari Hesjedal kurs for nye kontrollutvalg fra kl. 16.00 – 17.45

MØTESTAD:	Kårstørommet, Tysvær rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Øystein Susort (KrF), Arne Gjerde (H), Linda Ånderå Bokn (V) og Åse Paulsen (A)
MØTANDE VARAMEDLEM	1. varamedlem Marit Hølland Gjedrem (Sp)
FORFALL:	Karsten A. Larsen (FrP)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Utvalsleiar og nestleiar meldte saker under eventuelt.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 01.12.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Tysvær kontrollutval 01.12.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.16:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.16:

Protokoll frå møte i Tysvær kontrollutval 01.12.15 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/16 ÅRSMELDING FOR 2015 FRÅ KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2015.

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2015 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.16:

Arne Gjerde gjorde merksam på feil årstal i kap. 5 i oppsummeringa. Sekretæren rettar dette opp før oversending. Elles meinte utvalet den gav ein god oversikt over aktiviteten, og utvalet slutta seg til innhaldet, slik det var lagd fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.16:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2015, med ei retting i kap. 5.

og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2015 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 3/16 PLAN FOR ORIENTERING OM RESULTATOMRÅDA OG STABSFUNKSJONANE

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

<i>Møtet 23.05.16</i>	
<i>Møtet 06.09.16</i>	
<i>Møtet 15.11.16</i>	
<i>1. møte 2017</i>	
<i>2. møte 2017</i>	
<i>3. møte 2017</i>	
<i>4. møte 2017</i>	
<i>1. møte 2018</i>	
<i>2. møte 2018</i>	

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.16:

Utvalet slutta seg til framlegget og drøfta så tidsbruk og rekkjefølgja på invitasjonane. Utvalet blei samd i at den inviterte får ca. 20 minutt, og deretter spørsmål. Utvalet skulle kunne kome med innspel på emne og spørsmål via sekretariatet seinast ei veke før møtet, men helst så tidleg som mogeleg, slik at dei ulike leiarane kan førebu seg. Det blei også presisert at det måtte framkomme at dette var ein invitasjon.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.16:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

<i>Møtet 23.05.16</i>	<i>omsorgssjef Annbjørg Lunde</i>
<i>Møtet 06.09.16</i>	<i>personalsjef- og organisasjonssjef Kristin Helle</i>
<i>Møtet 15.11.16</i>	<i>skulesjef Eli Krokedal</i>
<i>1. møte 2017</i>	<i>helse- og førebyggingsjef Jorid Vea Isdahl</i>
<i>2. møte 2017</i>	<i>barnehagesjef Anne Lise Myrvoll</i>
<i>3. møte 2017</i>	<i>teknisk sjef Bjørn Bruaset</i>
<i>4. møte 2017</i>	<i>kultursjef Ingvar Frøyland</i>
<i>1. møte 2018</i>	<i>plansjef Linda Christine Olsen</i>
<i>2. møte 2018</i>	<i>økonomisjef Tor Leif Helgesen</i>

SAK 4/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.02.16

1. Statusrapport pr. februar 2016
2. Årshjul – kontrollutvalet sine oppgaver
3. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2015
4. K-styrevedtak 15.12.15, sak 82/15 – Val av revisor 2016-2020
5. Evaluering og val av leverandør – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
6. Workshop i regi av KPMG 18.01.16 – tilbakemelding
7. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
8. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetallene for den enkelte kommune
9. Årsrapport og skatterekneskap 2014 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
10. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2016
11. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes - munnleg
12. Rapport frå NKRF-konferansen 3.-4.02.16
13. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organ
14. Referat frå møte i Kommunesektorens etikkutval 23.11.15
15. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.12.15
16. Teieplikterklæring – ny utgåve

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.16:

Sekretær gjorde greie for statusrapport og årshjul. Utvalsleiar gav skryt til KPMG for gjennomføringa av workshop. Arne Gjerde hadde spørsmål om ein definisjon/ordbruk i skatterekneskapet, som blei avklart i møtet. Åse Paulsen og sekretær refererte frå NKRF-konferansen, som hadde vore lærerik og interessant, og ikkje minst imponerende gjennomføring med over 800 deltakarar. Datoane er 01.-2.02.17 neste år. Teieplikterklæring blei signert og samla inn.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.16:

Kontrollutvalet tar referatsakene 1- 16 til orientering.

EVENTUELT

Eigarskapskontroll

Utvalsleiaren gjorde framlegg om utvalet skulle be om ei tilbakemelding om korleis kommunen nyttar si eigarstyring. Utvalet slutta seg til framlegget.

Utvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Tysvær kontrollutval ber om ei tilbakemelding frå rådmannen innan og i neste møte 23.05.16 om det er nedfelt skriftlege retningsliner, mandat og/eller ei eigarskapsmelding for eigarstyring for dei selskap/verksemdar kor Tysvær kommune har oppnemnd representantar.

Kva mandat og informasjon/rapporteringsrutinar har dei oppnemnde representantane opp mot administrasjonen og politisk?

Politisk saker under arbeid i administrasjonen, fullmakter/delegasjonsreglement administrativt og offentliggjøring

Utvalsleiaren la også fram følgjande framlegg: 1. Politiske saker under arbeid i administrasjonen (for retur politisk behandling) 2. Administrative fullmakter/ delegasjonsreglement 3. Rutinar og praksis rundt publisering/offentliggjøring

Etter diskusjon og innvendingar på mange framlegg under Eventuelt i sakslista, blei desse framlegga trekt av utvalsleiar i møtet. Det blei avtalt at desse framlegga blei sett opp på sakslista for neste utvalsmøte i mai.

Abonnement på Kommunal Rapport og spørsmål om dokumentform på innkalling

Nestleiar Arne Gjerde viste til kommunestyrerepresentantane sitt abonnement på Kommunal Rapport og meinte kontrollutvalet og 1.varamedlem burde vere omfatta, då det er mykje aktuelt for utvalet å følgje med på.

Utvalet var samd i at sekretær rettar ein førespurnad til ordførar om abonnement.


Han etterlyste også sidetal på saksdokumenta, og spurte om det var mogleg å få opp kvar enkelt sak på iPad. Utvalet var samd i at sekretær sjekkar med oppgitt kontakt frå IT-leverandør om kva som kan vera mogleg her.

Neste møte: måndag **23. mai 2016**, kl. 18.00 (ny dato/dag)

Møtedag flytta pga. kollisjon med kommunestyremøtet 10.05.16 i etterkant av vedtak av møteplan for 2016 sist møte. Etter at utvalsleiar og sekretær vedtok å endre dato i samsvar med fullmakt, var det fremma ønskje frå eit utvalsmedlem om å endre ny dato. Utvalssekretær sjekkar opp med økonomisjefen for å bekrefte endeleg dato for maimøtet. Dette er bekrefte etter møtet, slik at neste møtet blir 23.05.16.

Aksdal, 16. februar 2016

Øystein Susort (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	23.05.16	6/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – PERSONAL- OG ORGANISASJONSSJEFEN

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 09.02.16, sak 3/16 å sette opp ein plan for orientering om resultalaområda og stabsfunksjonane i kommunen i møta fram. Vedtaket var mellom anna følgjande:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 23.05.16 omsorgssjef Annbjørg Lunde
Møtet 06.09.16 personal- og organisasjonssjef Kristin Helle
Møtet 15.11.16 skulesjef Eli Krokedal

....

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står over for. Planen blei oversendt rådmannen 14.02.16.

Det framgikk i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte. Det er kome tilbakemelding om at dei to fyrste inviterte ønskjer å bytte dato. Det er rådmannen som bestemme om han også møte eller om dei møter som representant for rådmannen.

Utvalet blei samd i at orienteringa skulle vere på ca. 20 minutt og deretter spørsmål. Utvalet kunne kome med innspel på emne og spørsmål via sekretariatet seinast ei veke før møtet, men helst så tidleg som mogeleg slik at dei inviterte kunne førebu seg.

Sekretariatet ser gjerne at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Tysvær kommune står ovanfor.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek personal- og organisasjonssjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Aksdal, 09.05.16


Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	23.05.16	7/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

EIGARSKAPSKONTROLLEN I TYSVÆR KOMMUNE

Saksorientering:

I møtet i kontrollutvalet 09.02.16 fremma utvalsleiar Øystein Susort følgjande under Eventuelt:

Kontrollutvalget ber om en gjennomgang/redegjørelse fra rådmannen innen neste møte om det er nedfelt skriftlig retningslinjer, mandat og/eller eierskapsmelding for eierstyring for de virksomhetene hvor Tysvær kommune har oppnevnt politiske representanter.

Hvilket mandat og informasjon/rapporteringsrutinar Tysvær kommune sine politiske oppnevnte representanter har , både mot administrasjon og politisk.

I protokollen frå møtet i kontrollutvalet 09.02.16 er følgjande tatt inn:

Eigarskapskontroll

Utvalsleiaren gjorde framlegg om utvalet skulle be om ei tilbakemelding om korleis kommunen nyttar si eigarstyring. Utvalet slutta seg til framlegget.

Utvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Tysvær kontrollutval ber om ei tilbakemelding frå rådmannen innan og i neste møte 23.05.16 om det er nedfelt skriftlege retningslinjer, mandat og/eller ei eigarskapsmelding for eigarstyring for dei selskap/verksemdar kor Tysvær kommune har oppnemnd representantar.

Kva mandat og informasjon/rapporteringsrutinar har dei oppnemnde representantane opp mot administrasjonen og politisk?

Brev med særutskrift frå protokollen blei oversendt rådmannen 24.04.16. Det blei i brevet gjort merksam på at pga. pinsen og 17. mai i år ville sakspapira bli sendt ut i veke 19.

Sekretariatet har ikkje motteken noko skriftleg i saka.

Det blei i e-post 06.05.16 sendt ei påminning til rådmannen, med kopi til økonomisjef og ordførar, om denne saka og om oppfølging av selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS:

Minner om vedlagt brev, hvor utvalget ønsket skriftlig tilbakemelding før møtet og i møtet 23.05.16.

Pga pinsen ønskes tilbakemelding så snart som mulig, for utsendelse den 13. mai.

Sekretariatet forutset då at rådmannen orienterer direkte i møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om eigarskapskontrollen i Tysvær kommune til orientering.

Aksdal, 13.05.16



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	23.05.16	8/16
Formannskapet	14.06.16	
Kommunestyret	21.06.16	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

UTTALE TIL TYSVÆR KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP FOR 2015

Vedlegg:

1. Framlegg til **uttale** frå kontrollutvalet
2. Rekneskapen for 2015 (hovudoversyn utan balanse og notar som vert sendt pr e-post)
3. Revisjonsmelding for 2015, dagsett 15.04.16
4. Økonomisjefen si økonomiske oversyn for 2015
5. Årsmelding 2015 (ikkje klar, men vert ettersendt)

Saksorientering:

Innleiing

Vedlagt følgjer framlegg til uttale, Tysvær kommune sin årsrekneskap for 2015 med notar og revisjonsmelding frå KPMG. Regnskapstala med økonomisk oversyn følgjer i sakskart, medan heile rekneskapen er i eige hefte. Forutan revisor er det forutset frå sekretariatet at rådmann og økonomisjef deltar under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Det går fram av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsregnskapet:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret. Uttalelsen avgis til kommunestyret..

Kopi av uttalelsen skal være formannskapet... i hende tid nok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet behandlar årsmeldinga, men denne bør følgje med som vedlegg til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen. Administrasjonen hadde i år igjen lagt opp eit tidsløp slik at årsmeldinga skulle vere klår til utsending til kontrollutval, men sekretariatet har fått opplyst at rådmannsgruppa skal ha meldinga til gjennomlesing 18.05.16 og er fyrst klår til utsending etter denne dato.

Det er lovkrav at kommunestyret skal handsame årsrekneskap og årsmelding i det same møtet. I år er dato for møtet 21. juni. Årsrekneskapen vil bli vedteken etter innstilling frå formannskapet, som skal ha sitt møte 14. juni. Om årsrekneskap og årsmelding står det følgjande i forskrift § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget for kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskriften § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/rapport) blir fulgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Tysvær kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2015 og notar, revisjonsmeldinga, økonomisjefen si økonomiske oversyn og rådmannen si årsmelding (ikkje kjent ved utsending av saksframlegg).

Årsrekneskapen med notar

Rekneskapen syner eit positivt **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på 28,9 mill. kroner. Dette er 16,3 mill kr lågare enn opphavslege budsjett og 17,4 mill kr lågare enn revidert budsjett.

Avviket mellom brutto driftsresultat og revidert budsjett skyldast at driftsutgiftene viser 24,7 mill kr meir enn forventa forbruk, medan driftsinntektene auka med 7,3 mill. kr.

Netto driftsresultat er det same som brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat i 2015, slik det vert ført i kommunerekneskapen pr 28.04.16, blei på 37,1 mill. kr, mot budsjetttert med 20,7 mill. kr. Økonomisjef skriver i sin oversyn at resultatet blei 37,8 mill kr. Det utgjør **3,1 %**, som er over anbefalt nivå for resultatmargin som Teknisk Beregningsutval meiner kommunane bør ligge på. Landssnittet endte i år også på 3 %. I følge TBU bør resultatet vere på minst **1,75 %**. I fjor var resultatet for Tysvær 3,5 % (4,6 % for 2013). Årets korrigererte driftsresultat ligg, etter fråtrekk for eigedomsskatt til Bokn, i følge økonomisjefen på nær 4 % (i fjor på 2,1 % korrigerert).

Økonomisjefen oppsummerer Tysvær sin økonomi i 2015 slik:

Kommunen får eit vesentleg betre resultat for 2015 enn for 2014, og det vesentlege er at det er klart betre enn budsjett. Deler av årsaken til auke er at vi får mindreutgifter til pensjon og mindre renteutgifter, men mest gledeleg at resultatområda samla kjem godt ut. Eit netto driftsresultat på 4 % er svært bra. Lånegjeldsbildet er stabilt, der rundt 50 % blir dekkja heilt eller delvis av andre, når vi ser dette opp mot driftsinntektene som bidra til inndekninga. Oppsummert går vi i inn i nytt regnskapsår med eit positivt utgangspunkt.

I følgje referat frå leiargruppa har økonomisjefen oppgitt at netto utgiftsnivå i Tysvær kommune ligg nå 13,4 % over landsnittet, mot 11,2 % i fjor.

Rådmannen sine kommentarer i årsmeldinga slik den vil framgå i årsmeldinga, er pr i dag ikkje kjent.

Tala i økonomisk oversyn er ikkje dei same som i skjema 1 A (økonomisk oversikt- drift), då eigedomsskatt samla er ført med kr 148,6 mill kr, medan det i skjema 1 A er ført opp kr 141,9 mill kr. Differansen er på 6,7 mill. kr og utgjør då eigedomsskatten til Bokn kommune.

Sum avsetjingar viser i skjema 1 A at det er avsett nær 36 mill. kr, medan bruk av avsetjingar er på 14 mill kr. Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 124,2 mill. kr. Justert for finansransaksjonar og inntekter var finansieringsbehovet på 119,7 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med **eit rekneskapsmessig mindreforbruk (eit overskott) på kr 15.189.851**. Det er desse tala som blir sendt til SSB og registrert i KOSTRA.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som skal vera med i rekneskapen. Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er dei same som i fjor.

Årsberetning/årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

Årsmeldinga skal i følgje årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan **31. mars**.

Etter lovendring i 2013 er det nå krav om at rådmannen også skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etisk standard** i kommunen.

Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen. Dette kravet ble tatt inn i lova i 2002 og har vore innarbeida i kommunens si årsmelding.

Innhaldet i kommunen si årsmeldinga er ennå ikkje kjent. I alle dei åra utvalsssekretær har handsama rekneskapen til Tysvær, har årsmeldinga vore levert for seint, dvs langt etter frist og

seint ut i mai månad. Økonomisjefen har meint økonomisk oversyn med hans kommentarer i stor grad har oppfylt lovkravet til «årsberetning». Sekretariatet er berre delvis samd, då ho vil peike på at lovkrava om internkontroll, etikk og likestilling er ikkje tatt inn, slik det blir gjort i andre kommunar sin «årsberetning».

Tidlegare handsaming i kontrollutvalet

Utvalet etterlyste i 2014 meir detaljert talmateriale, men det blei vist til at kommunestyret vedtek budsjettet på overordna nivå og at rekneskapen er sett opp på same vis.

Revisor hadde skreve rein melding, men hadde fleire merknadene knytte til rutinar og manglande dokumentasjon. Økonomisjef meinte merknadene var relevante, men at det ikkje var lett å få ordna alt innan sett frist. Utvalet støtta framlegg til uttale og frist for tilbagemelding.

Økonomiavdelinga jobba så med å få betre rutinar/system og dokumentasjon, og dette viste att i årsoppgjersbrevet frå revisor i 2015. Revisor og økonomisjef meinte samtale i 2014 hadde vore nyttige. På bakgrunn av svara i møtet i fjor blei utvalet samd i ikkje å sette frist for tilbagemelding.

I 2014 var det også debatt om «rett» driftsresultat-omgrep. Økonomisjefen meinte sekretariatet sin framlegg til uttale ville gje feil melding til politikarane om det økonomiske handlingsrommet. Revisor opplyste at han gav melding på grunnlag av tala frå Visma sitt økonomisystem og at 41 mill. kr var det som ville bli vidare rapportert til SSB.

Utvalet vart samd i at i uttalen skulle det takast med eit tillegg: *4,6 % ... eller korrigerert netto driftsresultat med 17,5 mill. kr, som utgjer 2,1 % av kommunen sine driftsinntekter (fråtrekk av avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune).*

I fjor blei den same formuleringa tatt inn i uttalen, då med tala 3,5 % og korrigerert netto driftsresultat med 25,5 mill kr, som utgjer 2,8 % av kommunens sine driftsinntekter (fråtrekk av avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune).

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev/rapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gje sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har i år lagt fram si revisjonsmelding innanfor lovfastsett frist. Revisor har komme med såkalla rein melding, dvs utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderar med at:

- *årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Tysvær kommune pr 31. desember 2015 og av*

resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk,

- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i er i samsvar med budsjett-vedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett,*
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter,*
- leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk.*

Årsoppgjersbrev

Årsoppgjersbrev/rapport frå revisor viser forhold som revisor meiner er av ein så vesentleg karakter at det treng oppfølging frå leiinga. Tidlegare har måten kommunen berekner avdrag på lån (brot på anordningsprinsippet) blitt tatt opp. Det vert nytta ein justert forenkla formel som ikkje er i tråd med KRS 3 pkt 3.2 nr 2.

Revisor har i år ikkje skreve noko årsoppgjersbrev. Han skriv i e-post 10.05 følgjande:

Vi har konkludert på at vi ikke sender årsoppgjørsbrev i år.

Det forholdet vi tok opp i fjor med at de bruker sin egen versjon av den forenklede formelen for beregning av minimumsavdrag gjelder fortsatt, men jeg ser ikke helt poenget med å skrive det samme en gang til.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må også vurdere om det er fleire forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskapen 2015 slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Aksdal, 13.05.16

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

**Til
Tysvær kommunestyre**

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2015

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 23.05.16, sak 8/16 handsama Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2015. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, dagsett 28.04.16, revisjonsmeldinga, dagsett 15.04.16, økonomisjefen si økonomiske oversyn og rådmannen si årsmelding for 2015. I tillegg har økonomisjef og revisor supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaming av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 15,2 mill. kr (etter avsetjing av driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 37,1 mill. kr, som utgjer 3,1 % av driftsinntektene. I eit korrigert netto driftsresultat utgjer det 37,8 mill. kr, nær 4 % av driftsinntektene inklusiv renter og fråtrekk frå avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2015, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2015 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2015 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.15.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet ytterlegare merknader til Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2015.

Aksdal, 23. mai 2016

Øystein Susort
Utvalsleiar

Kopi: Formannskapet



VEDLEGG 2

Økonomisk oversikt - drift

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2016

28.04.2016

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	32.324.707,55	31.997.922,10	33.128.126,00	31.625.175,28
Andre salgs- og leieinntekter	64.428.296,06	67.525.621,00	64.893.200,00	64.730.616,46
Overføringer med krav til motytelse	121.045.918,85	110.943.018,38	63.583.702,00	113.366.393,40
Rammetilskudd	295.223.088,00	287.060.632,00	286.700.000,00	283.910.639,00
Andre statlige overføringer	19.087.063,50	18.840.337,50	13.050.000,00	16.318.242,00
Andre overføringer	567.950,00	567.950,00	0,00	169.850,00
Skatt på inntekt og formue	255.554.953,00	259.900.000,00	259.900.000,00	246.736.576,00
Eiendomsskatt	148.645.014,00	152.700.000,00	152.700.000,00	151.302.501,00
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	936.876.990,96	929.535.400,98	873.965.028,00	908.159.993,14
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	517.873.110,49	521.559.276,27	488.171.767,00	490.977.402,48
Sosiale utgifter	135.559.634,29	141.424.213,22	135.911.196,00	129.078.596,87
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	105.587.087,82	101.339.763,23	92.453.543,00	104.705.787,23
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	64.705.950,22	64.878.712,26	60.349.621,00	60.554.030,00
Overføringer	52.255.438,33	51.547.949,52	49.994.915,00	66.378.552,41
Avskrivninger	36.382.840,00	7.358.000,00	7.358.000,00	33.614.590,00
Fordelte utgifter	-4.468.667,46	-4.953.116,56	-5.619.000,00	-5.377.268,65
Sum driftsutgifter	907.895.393,69	883.154.797,94	828.620.042,00	879.931.690,34
Brutto driftsresultat	28.981.597,27	46.380.683,04	45.344.986,00	28.228.302,80
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	15.312.133,69	15.504.556,00	15.500.000,00	16.938.905,84
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	2.109.330,95	1.506.000,00	1.500.000,00	1.778.640,84
Sum eksterne finansinntekter	17.421.464,64	17.010.556,00	17.000.000,00	18.777.546,68
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	18.674.707,67	23.044.284,61	23.000.000,00	22.146.983,32
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	27.000.019,00	27.000.000,00	27.000.000,00	26.958.346,00
Utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finansutgifter	45.674.726,67	50.044.284,61	50.000.000,00	49.105.329,32
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-28.253.262,03	-33.033.728,61	-33.000.000,00	-30.327.782,54
Motpost avskrivninger	36.382.840,00	7.358.000,00	7.358.000,00	33.614.590,00
Netto driftsresultat	37.111.175,24	20.704.954,43	19.702.986,00	31.515.110,16
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	5.165.614,92	0,00	0,00	3.140.429,91
Bruk av disposisjonsfond	5.118.210,23	5.092.356,23	0,00	4.217.120,50
Bruk av bundne fond	3.813.503,92	3.979.528,00	3.011.560,00	1.273.271,00
Sum bruk av avsetninger	14.097.329,07	9.071.884,23	3.011.560,00	8.630.821,41
Overført til investeringsregnskapet	3.440.123,00	11.400.000,00	11.050.000,00	12.449.967,10
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	30.830.710,83	17.410.711,00	11.493.206,00	13.337.252,77
Avsatt til bundne fond	1.747.818,66	966.127,66	171.340,00	9.193.096,91
Sum avsetninger	36.018.652,49	29.776.838,66	22.714.546,00	34.980.316,78
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	15.189.851,82	0,00	0,00	5.165.614,79



Økonomisk oversikt - investering

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2016

28.04.2016

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	4.653.174,63	0,00	0,00	1.184.754,00
Andre salgsinntekter	5.850,00	0,00	0,00	275.000,00
Overføringer med krav til motytelse	6.050.817,01	400.000,00	0,00	17.658.488,92
Kompensasjon for merverdiavgift	15.783.313,24	0,00	0,00	25.165.914,66
Statlige overføringer	215.559,00	0,00	0,00	6.027.441,00
Andre overføringer	4.800.000,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	31.508.713,88	400.000,00	0,00	50.311.598,58
Utgifter				
Lønnsutgifter	4.401.041,54	6.100.000,00	6.100.000,00	3.897.850,47
Sosiale utgifter	1.089.279,10	0,00	0,00	937.866,53
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	102.802.905,22	128.883.000,00	128.070.000,00	112.030.063,05
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	60.684,80	0,00	0,00	1.035.964,80
Overføringer	15.866.591,17	0,00	0,00	25.224.686,61
Renteutgifter og omkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordeelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	124.220.501,83	134.983.000,00	134.170.000,00	143.126.431,46
Finansstransaksjoner				
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån	10.470.315,00	15.000.000,00	15.000.000,00	11.398.000,00
Kjøp av aksjer og andeler	1.668.278,00	1.500.000,00	1.500.000,00	1.556.439,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	14.876.051,00	0,00	0,00	5.730.514,00
Avsatt til bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstransaksjoner	27.014.644,00	16.500.000,00	16.500.000,00	18.684.953,00
Finansieringsbehov	119.726.431,95	151.083.000,00	150.670.000,00	111.499.785,88
Dekket slik:				
Bruk av lån	86.798.113,00	105.775.000,00	105.775.000,00	61.686.420,10
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	14.712,00
Mottatte avdrag på utlån	4.290.862,84	0,00	0,00	2.450.154,54
Overført fra driftsregnskapet	3.440.123,00	9.900.000,00	9.550.000,00	12.449.967,10
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	13.511.123,11	35.208.000,00	35.345.000,00	5.780.952,53
Bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	11.686.210,00	200.000,00	0,00	29.117.579,61
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	119.726.431,95	151.083.000,00	150.670.000,00	111.499.785,88
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

Rekneskapsskjema 1 A
Inntektsoversyn med fordeling
(tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2015	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Skatt på inntekt og formue	259 900	255 555 ✓	246 737
Rammetilskott - innbyggertilskot	242 461	242 120	241 827
Rammetilskott - utgiftsutjamning	28 500	30 484	23 355
Rammetilskott - innteksutj.	10 700	16 419	9 929
Eigedomsskatt	145 000	141 935 +	143 943
Skjønnskott	5 400	5 800	8 600
Momskompensasjon drift	15 473	16 662	16 725
Momskompensasjon investeringar			
Sum frie disponible inntekter	707 434	708 975	691 116
Renteinntekter og utbytte	14 800	14 220	16 075
Rente- og avdragskompensasjon	9 000	10 334	9 871
Renteutgifter	-23 000	-19 006	-22 244
Avdrag på lån	-27 000	-27 000	-26 958
Netto finansutgifter	-25 200	-21 452	-23 256
Bruk av tidl. års overskott	0	5 166	3 140
Avsett bundne fond			-2 549
Avsatt disposisjonsfond	-11 111	-24 394	-9 536
Bruk av bundne fond			0
Bruk av ubundne fond			40
Netto avsetjingar	-11 111	-19 228	-8 905
Overført til investeringar-drift	-7 900	-1 772	-10 633
Til fordeling	662 223	666 523	648 322
Avsatt tap på fordringer		-1 600	-1 200
Overskott/underskott		-15 190	-5 166
Sum fordelt til resultatområder	662 223	649 733	641 956

Rekneskapsskjema 1 B

Netto budsjetttrammer resultat -
områdene
(tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2015 (endret)	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Til fordeling resultatområder (fra budsjettsskjema 1 A)	662 300	649733	641956
Fordelt slik:			
Rådmannen sin stab (ansvarsgr. 1)	57 500	58305	56934
Fellesutgifter (ansvar 1600-1999) ekskl. kyrkje	27 900	22520	33405
Resultatområdet skule (ansvarsgr. 2)	100 700	160395	159043
Resultatområdet aktivitet og omsorg (ansvarsgr. 3)	122 200	120282	128193
Resultatområdet helse og førebygging (ansvarsgr. 4)	125 400	116052	97660
Resultatområdet kultur (ansvarsgr. 5)	24 600	24168	23941
Resultatområdet teknisk (ansvarsgr. 6)	82 100	64377	61242
VAR-området (ansvar 6600)	-16300	-12854	-12056
Resultatområdet barnehage (ansvarsgr. 7)	90 400	88579	85642
Kyrkjeleg Fellesråd	7 800	7909	7952
Sum fordelt resultatområder	662 300	649 733	641 956



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 10.05.16
Journalført: 16/184/184
Arkivkode: 212

Til kommunestyret i Tysvær kommune

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Tysvær kommune som viser kr 666 226 202 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 15 189 852. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som rådmannen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Offices in:

Oslo	Grimstad	Molde	Trondheim
Ålesund	Hamar	Narvik	Tysvær
Bergen	Haugesund	Sandnessjøen	Tjønsdal
Bodo	Kristiansund	Slavanger	Ålesund
Eivorum	Larvik	Stord	
Finnsnes	Mo i Rana	Straume	
		Tromsø	

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Tysvær kommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 15. april 2016

KPMG AS



Roald Stakland

Statsautorisert revisor

Kopi:


Kontrollutvalet

Formannskapet

Rådmannen

ØKONOMISK OVERSYN

2015



Økonomi samla for kommunen

Årsresultatet

Tysvær Kommune får eit netto driftsresultat på 37,8 mill. kroner (20,6 mill. kroner i 2014) mot opprinnelig budsjettert 19 mill. kroner. I budsjettvedtaket blir resultatet disponert til investeringar i 2015 og til fond for seinare disponering til eigenkapital investeringar. Avviket positivt i forhold til opprinneleg vedtatt budsjett er på 18,8 mill. kroner.

Månads- og tertialrapporteringa gjennom året viste aukande svakare driftsresultat enn det som var budsjettert ved kommunestyret sitt vedtak. Siste prognose for sluttresultat for året var på 19 mill. kroner.

Med bakgrunn i hovudtabellen nedanfor blir sentrale deler av regnskapet for 2015 kommentert.

Hovudtabell med resultatvurderingar drift

I tabellen nedanfor er rekneskap 2015 lagt inn i tabellen, saman med rekneskap 2014, opprinneleg vedtatt budsjett 2015, justert budsjett 2015. I tillegg er vedteken økonomiplan 2016 – 2019 lagt inn i tabellen.

Tall i millionar	Rekn.	Budsj.	Budsjett	Rekn.	Budsj.	Økonomiplan		
	2014	2015	endra 2015	2015	2016	2017	2018	2019
Inntektsskatt	246,7	259,9	259,9	255,5	269,4	269,4	269,4	269,4
Rammetilskott inntektsutj.	9,9	10,7	10,7	16,4	19,5	19,5	19,5	19,5
Rammetilskott - Innbyggertilskudd	241,8	242,1	242,5	242,1	250,0	250,2	250,2	250,2
Realvekst skatt og rammetilskudd						4,5	4,5	4,5
Rammetilskott- utgiftsutjamning	23,3	28,5	28,5	30,5	32,4	32,4	31,8	31,8
Skjønn	7,2	4,0	4,0	4,0	3,0	3,0	3,0	3,0
Samla inntektssystemet	528,9	545,2	545,6	548,5	574,3	579,0	578,4	578,4
Skjønn fra fylkesmann (skule)	1,4	1,4	1,4	1,8	1,5	1,5	1,5	1,5
Eigedomsskatt	143,9	145,0	145,0	141,9	155,0	156,0	156,0	156,0
Skatt og rammetilskott	674,2	691,6	692,0	692,2	730,8	736,5	735,9	735,9
Resultatområda:								
Driftsutgifter	-865,5	-829,0	-897,7	-887,9	-833,0	-833,0	-833,1	-833,2
Driftsinntekter	218,8	168,7	235,4	238,1	163,7	165,3	168,8	171,1
Netto budsjetttrammer resultatområda	-646,7	-660,3	-662,3	-649,8	-669,3	-667,7	-664,3	-662,1
Herav samlet drift fordelt:								
Rådmannen med stab								

Driftsutgifter	-66,4	-60,5	-63,2	-67,9	-59,7	-59,7	-59,7	-59,7
Driftsinntekter	9,5	3,5	5,7	9,6	3,3	3,3	3,3	3,3
	-56,9	-57,0	-57,5	-58,3	-56,4	-56,4	-56,4	-56,4
Fellesutgifter								
Driftsutgifter	-35,6	-41,9	-27,9	-22,8	-41,0	-41,0	-41,0	-41,0
Driftsinntekter	2,2	0	0	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3
	-33,4	-41,9	-27,9	-22,5	-40,7	-40,7	-40,7	-40,7
Barnehage								
Driftsutgifter	-106,6	-103,4	-116,0	-115,3	-108,5	-108,5	-108,5	-108,5
Driftsinntekter	20,9	16,4	25,6	26,7	16,8	16,8	16,8	16,8
	-85,7	-87,0	-90,4	-88,6	-91,7	-91,7	-91,7	-91,7
Skule								
Driftsutgifter	-184,9	-172,2	-188,5	-188,7	-174,8	-174,8	-174,8	-174,8
Driftsinntekter	25,9	15,2	27,8	28,3	14,7	14,7	14,7	14,7
	-159,0	-157,0	-160,7	-160,4	-160,1	-160,1	-160,1	-160,1
Aktivitet og omsorg								
Driftsutgifter	-169,9	-167,1	-145,8	-143,9	-118,5	-118,5	-118,5	-118,5
Driftsinntekter	41,8	32,0	23,6	23,6	14,3	14,3	14,3	14,3
	-128,1	-135,1	-122,2	-120,3	-104,2	-104,22	-104,2	-104,2
Helse og førebygging								
Driftsutgifter	-142,6	-131,9	-188,5	-183,4	-182,5	-182,5	-182,5	-182,5
Driftsinntekter	45,0	26,0	63,1	67,3	45,7	45,7	45,7	45,7
	-97,6	-105,9	-125,4	-116,1	-136,8	-136,8	-136,8	-136,8
Kultur								
Driftsutgifter	-36	-32,3	-35,9	-35,9	-32,4	-32,4	-32,4	-32,4
Driftsinntekter	12,1	8,2	11,3	11,7	8,4	8,4	8,4	8,4
	-23,9	-24,1	-24,6	-24,2	-24,0	-24,0	-24,0	-24,0
Teknisk								
Driftsutgifter	-85,3	-83,9	-89,9	-91,1	-83,4	-83,4	-83,4	-83,4
Driftsinntekter	23,9	23,2	27,8	26,7	22,6	22,6	22,6	22,6
	-61,4	-60,7	-62,1	-64,4	-60,8	-60,8	-60,8	-60,8
VAR								
Driftsutgifter	-30,3	-28,1	-34,2	-31,0	-24,3	-24,3	-24,4	-24,5
Driftsinntekter	37,5	44,2	50,5	43,9	37,6	39,2	42,7	45,0
	7,2	16,1	16,3	12,9	13,3	14,9	18,3	20,5
Kyrkja								
Driftsutgifter	-7,9	-7,7	-7,8	-7,9	-7,9	-7,9	-7,9	-7,9
Driftsinntekter	0	0			0	0	0	0
	-7,9	-7,7	-7,8	-7,9	-7,9	-7,9	-7,9	-7,9
Netto budsjettrammer resultatområda	-646,7	-660,3	-662,3	-649,8	-669,3	-667,7	-664,3	-662,1
Momskompensasjon drift	16,7	15,5	15,5	16,7	16,5	16,5	16,5	16,5
Netto driftsrammer inkl. komp. moms	-630,0	-644,8	-646,8	-633,1	-652,8	-651,2	-647,8	-645,6
Nye driftstiltak 2016 - 2019					-6,7	-5,8	-5,8	-5,8

Prisvekst 2016				-3,0	-3,0	-3,0	-3,0	
Realvekst 2016				-2,4	-2,4	-2,4	-2,4	
Statsbudsjettet 2016				-4,3	-4,3	-4,3	-4,3	
Realvekst 2017 - 2019 bruk					-3,0	-3,0	-3,0	
Innsparing tillegg fra budsj. 2016					4,5	11,0	14,0	
Netto rammer etter endring drift	-630,0	-644,8	-646,8	-633,1	-669,2	-665,2	-655,3	-650,1
Brutto driftsresultat	44,2	46,8	45,2	59,1	61,6	71,3	80,6	85,8
Kapitalutgifter/kapitalinntekter:								
Renteinntekter innskott/plassering	4,0	5,0	5,0	4,4	3,1	3,1	3,4	3,8
Aksjeutbytte/renter Haugaland Kraft	11,8	9,8	9,8	9,9	9,8	9,8	9,8	9,8
Kompensasjonsinntekter lån	9,9	9,0	9,0	10,4	7,7	7,7	7,7	7,7
Sum renteinntekter og kompensasjon	25,7	23,8	23,8	24,7	20,6	20,6	20,9	21,3
Renteutg. opptatte lån t.o.m. 2015	-22,3	-21,0	-21,0	-19,0	-14,8	-14,2	-17,0	-21,5
Renteutgifter nye lån 2016 - 2019		-2,0	-2,0		-1,7	-2,8	-4,0	-5,5
Samla renteutgifter	-22,3	-23,0	-23,0	-19,0	-16,5	-17,0	-21,0	-27,0
Avdrag opptatte lån t.o.m. 2015	-27,0	-27,0	-27,0	-27,0	-29,0	-29,0	-29,0	-29,0
Avdrag nye lån 2016 - 2019						-2,0	-4,0	-6,0
Samla avdrag	-27,0	-27,0	-27,0	-27,0	-29,0	-31,0	-33,0	-35,0
Netto kapitalutgifter	-23,6	-26,2	-26,2	-21,3	-24,9	-27,4	-33,1	-40,7
Netto driftsresultat	20,6	20,6	19,0	37,8	36,7	43,9	47,5	45,1
Bruk av driftsresultat:								
Avsett disposisjonsfond	-6,9			-19,2				
Avsett tap fordringar				-1,6				
Avsett inv. og utv.fond					0,5	-4,5	0	-33,6
Avsett rentemargin til Inv. og utv. Fond					-5	-5	-5	-5
Avsett realvekst fond	-2,8	-2,0	-2,0		-1,2	-1,5	-1,5	-1,5
Avsett eidegdomsskatt inv.og utv. fond		-9,1	-9,1		-5	-5	-5	-5
Avsett investeringar frå drift	-10,6		-7,9	-1,8	-26,0	-27,9	-36,0	
Samla bruk av resultat	-20,3	-11,1	-19,0	-22,6	-36,7	-43,9	-47,5	-45,1
Overskudd avsett Invest./fond	0,3	9,5	0	15,2	0	0	0	0

2Skatt og rammetilskott

Inntektssystemet

Inntektssystemet består av skatteinntekter og inntektsutjamning, innbyggjartilskott og utgiftsutjamning og skjønnsmidler. Samla kjem 548,5 mill. kroner frå inntektssystemet mot opprinneleg budsjettert 545,6 mill. kroner; ein auke på 2,9 mill. kroner. Årsaken til samla auka inntekter er i hovudsak at kommunane blei kompenserte for forventta lavare skatteinntekter tidleg i 2015, men skatteinntektene på landsbasis blei betre enn det regjeringa la til grunn i statsbudsjett/kommuneproposisjon. Endeleg vedtatt statsbudsjett vedtatt av Stortinget etter politiske forhandlingar gav også meirinntekter for kommunen, primært inn mot dekning av forventta større utgifter til barnehage.

Skatteinntektene var i 2015 på 89 % av landsgjennomsnittet, som er ein nedgang frå 91,7 % for 2014. Kommunane i Rogaland opplevde ein svært svak skatteinngang i 2015. Tysvær hadde ein vekst på 3,6 %, mens landet hadde ein vekst på 6 %. Berre 6 kommunar i Rogaland ligg lågare enn Tysvær i forhold til landsgjennomsnittet for skattevekst (Karmøy 88,5 %, Kvitsøy, Bokn, Bjerkreim, Lund og Sokndal). Skatteinntektene som er over 90 % av landsgjennomsnittet beheld kommunen 40 % av. Gjennom inntektsutjamningen blir Tysvær heva til 94,7 % av landet sin gjennomsnittlege skatteinngang.

Innbyggjartilskottet blei fastsett ved vedtak av statsbudsjettet for 2014, og er på 22 425 kroner pr. innbyggjar registrert 1/7-2014. I tillegg får Tysvær utgiftsutjamning utifrå ein del faste kriterier, hovudsakleg befolkningssamansetjing, fordi vi har eit utgiftsbehov som er på 5,2 % over landsgjennomsnittet.

Kommunen får skjønstilskott fastsett kvart år ved statsbudsjettet utifrå spesielle behov. Dei siste åra har vi fått skjønstilskott på grunn av høge utgifter ressurskrevjande brukarar. I 2014 er det på 4 mill. kroner (ned frå 7,2 mill. kroner i 2014). I tillegg har vi mottatt 1,8 mill. kroner som skjønn til språkdelingsklassar (budsjettet var på 1,4 mill. kroner), og 400 000 til spesielle formål etter søknad. Summen til språkdeling er overført resultatområde skule til dekning av meirutgifter oppretting språkdelingsklassar.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er redusert frå 143,9 mill. kroner i regnskap for 2014 til 141,9 mill. kroner i regnskap for 2015, ein reduksjon på 2 mill. kroner. Reduksjonen skuldast at Naturkraft eigedomsskatt blei redusert frå 9,8 mill. kroner til 5 mill. kroner; denne reduksjonen blei berre delvis vegd opp av utvidingar i anlegg på Kårstø.

Resultatområda

Samla driftsutgifter for Tysvær utgjer 888 mill. kroner, medan driftsinntekter på resultatområda er 238 mill. kroner. Netto samla driftsutgifter er 650 mill. kroner. Tilsvarande i 2014 var 647 mill. kroner. Auken er på berre 3 mill. kroner medan auken frå 2013 til 2014 var 24,5 mill. kroner. Samanlikning av eit år med eit anna kan vera litt krevjande, i og med at det vil liggja oppgåveendringar frå eit år til eit anna; frå 2013 til 2014 er den store oppgåveendringa at medfinansiering samahandlingsreformen falt bort med tilsvarande reduksjon i rammeoverføringar. Utgiftsveksten frå 2013 til 2014 ligg ikkje vesentleg over forventta løns- og prisvekst.

Bakom tala (dette framgår av hovudtabellen ved samanlikning budsjett og rekneskap) ligg det avvik isolert på utgiftssida, og avvik frå inntektssida på det som var budsjettert. Gjennomgang av desse vil

krevja utdjupande analyse, som ikkje er gjennomført når denne kommentar blir skriven. Det er viktig at meirutgifter og meirinntekter vi får i 2014, blir vurdert opp mot reell budsjettering for inneverande budsjettår 2016, og som grunnlag for endringar for budsjettarbeidet for 2017.

I tabellen er det einskilde område sett opp med rekneskapstal i høve til opprinneleg og justert budsjett. Justert budsjett er nytta her i høve til avvik, fordi det er tilført midlar frå fellesutgifter til dekning av lønsutgifter som konsekvens av nytt lønsoppgjør. Oppsummert på netto driftsutgifter får vi desse tala:

Tal i mill. kroner

	Budsjett	Budsjett	Rekneskap	Avvik
	vedtak	justert		just. bud.
Rådmannen med stab	57,0	57,5	58,3	-0,8
Fellesutgifter	41,9	27,9	22,5	5,4
Barnehage	87,0	90,4	88,6	1,8
Skule	157,0	160,7	160,4	0,3
Aktivitet og omsorg	135,1	122,2	120,3	1,9
Helse og førebygging	105,9	125,4	116,1	9,3
Kultur	24,1	24,6	24,2	0,4
Teknisk	60,7	62,1	64,4	-2,3
VAR	-16,1	-16,3	-12,9	-3,4
Kyrkja	7,7	7,8	7,9	-0,1
Samla netto drift	660,3	662,3	649,8	12,5
Momskompensasjon drift	-15,5	-15,5	-16,7	1,2
Samla	644,8	646,8	633,1	13,7

Samla kommer tenestene ut med et positivt resultat på rundt 13,7 mill. kroner, i dette ligger også VAR-området sitt resultat som er negativt grunna lågare rentenivå enn budsjettert inn i grunnlaget; når dette blir lågare enn budsjettert nivå, vil området få underskott i og med at inntektsida gjennom avgiftene ikkje kan endrast for det året. Resultatområda utanom VAR-området og fellesutgifter kjem ut med et positivt resultat på 10,5 mill. kroner. Alle tenestekområder med unntak av teknisk kjem positivt ut.

Som det går fram av tala er det store avvik på aktivitet og omsorg og helse og førebygging mellom vedtatt budsjett og justert budsjett. Årsaken til dette er at butiltaka frå 1. mai 2015 blei overført til helse og førebygging. På fellesutgifter ligger i utgangspunktet lønsreserven som skal dekkja opp lønsutviklinga i budsjettåret. Når lønsoppgjøret er kjent blir summar overført frå dette området til resultatområda for å dekkja opp meirutgifter. Dette er også hovudårsak til at det er større avvik mellom vedtatt budsjett og justert budsjett. På fellesutgifter ligger også midlar til å dekkja opp pensjonsoppgjøret. Her kom kommunen vesentleg betre ut enn budsjett, og dette er hovudårsak til mindre utgifter enn budsjett her.

God økonomistyring i områda, samt at vi også får et klart betra inntektsbilde med økt kostnadsrefusjon frå Staten i resultatområde helse og førebygging, gjer at resultatet samla blir svært positivt.

Inntekstsposten momskompensasjon drift er 1,2 mill. kroner høgare enn justert budsjett. Dette er kompensasjon for kjøp av varer og tenester som blir utgiftsført på resultatområda. I hovudtabellen foran er det for resultatområda tatt med inntektsføring frå fond og utgiftsføring til fond. Dette påverkar da resultatet for områda.

For resultatområda elles vises det til kommentarane gitt i deira årsmeldingar.

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat er kommunens resultat før dekning av renter og avdrag, og før avsetjingar til budsjetterte føremål. Brutto driftsresultat for kommunen er på 59,1 mill. kroner mot opprinneleg budsjettert 45,2 mill. kroner, ei meirinntekt på 13,9 mill. kroner.

Kapitalutgifter og kapitalinntekter

Samla for dette området er det opprinneleg budsjettert med netto utgifter på 26,2 mill. kroner, mens resultatet blir netto utgifter på 21,3 mill. kroner, eit betre resultat i høve til budsjett på 4,9 mill. kroner. Eit vesentleg lågare rentenivå, samt forsiktig budsjettering er årsak til denne mindreutgift. Kommunens lånegjeld ved årsskiftet er 902 mill. kroner. Gjennomsnittleg rente pr. 31/12 er 1,84 % og gjennomsnittleg rentebindingstid er på 1 år og 4 månadar. Det inneber at refinansieringsrisikoen er reell om marknadssituasjonen skulle endra seg; i dag er det uproblematisk å få låna refinansiert. Renteutgiftene er 4 mill. kroner under budsjett.

På renteinntektssida syner resultatet ein meirinntekt på 0,9 mill. kroner. Her har vi budsjettert forsiktig i forhold til rentenivå, og vi har også hatt sterk likviditet i året som har gitt positivt driftsbidrag. Slik vår bankavtale er, svarar det seg for kommunen å ta opp budsjetterte lån tidleg i året. Budsjettert låneopptak for året blir med det tatt opp i januar. Sterk likviditet ved starten av året, er endra til svakare likviditet mot slutten, og da inn i nytt rekneskapsår.

Plasseringane i obligasjonsmarknaden og i pengemarknadsfond, gav svakare avkastning i 2015 enn i 2014. Plasseringa gjev over tid likevel høgare avkastning enn det vi ville fått ved å ha midlane plassert i bank. Ved årsskiftet var det plassert samla 43,9 mill. kroner i obligasjonar og fond; det meste i bankobligasjonar.

Kompensasjonsinntektene for lån gjeve til ulike føremål er på 10,4 mill. kroner, mot budsjettert 9,0 mill. kroner. Kompensasjonsinntektene er i 2015 litt høgare enn det som er sett opp som forventa inntekt dei neste åra. I desse inntekter ligg rente- og avdragskompensasjon frå Staten til investeringar i skulebygg, institusjonar og omsorgsbustadar, i tillegg kjem inntekter frå startlån (avdrag og renter frå dei vi låner ut til), leigeinntekter Meny-bygget og frå inntektsføring frå Tysvær Arena Drift.

Kompensasjon for dekning av renter og avdrag på VAR-området gjenspeglar seg i den budsjetterte og regnskapsførte meirinntekt som ligg i VAR-området ovanfor i tabellen over resultatområda sine resultat. Dette er da ikkje del av kompensasjonsinntektene som er tatt med her.

Frå Haugaland Kraft blei det budsjettert med 9,8 mill. kroner i form av utbytte og renter på vår eigardel er 9,8 % i Haugaland Kraft. Utbytte og renter er rekna med utgangspunkt i 100 mill. kroner i 2015. I seinare år vil summen her bli avhengig av overskotet i selskapet.

Avdrag er i samsvar med budsjett 27 mill. kroner. Utfra ei samla lånegjeld eksklusiv pensjonsgjeld på 902 mill. kroner, betaler vi 3 % årleg i avdrag. Dette er omlag i samsvar med den plan som er lagt for nedbetaling av vår lånegjeld.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er bildet på kommunens reelle økonomiske handlefridom. Denne bør vera minimum 1,75 % av kommunens samla driftsinntekter inklusiv renter (samla driftsinntekter er 955

mill. kroner). Tysvær har med eit netto driftsresultat på 37,8 kroner nær 4 % av driftsinntektene som netto driftsresultat.

Tabellen nedanfor syner hovudtala frå den store tabellen, med eit samla positivt resultat for kommunen i høve til budsjett på 18,8 mill. kroner.

	Budsjett	Rekneskap	Avvik
	vedtak		
Inntektssystemet	547,0	550,3	3,3
Eigedomsskatt	145,0	141,9	-3,1
Sum skatt og rammetilskott	692,0	692,2	0,2
Resultatområda	-646,8	-633,1	13,7
Brutto driftsresultat	45,2	59,1	13,9
Kapitalutgifter	-26,2	-21,3	4,9
Netto driftsresultat	19,0	37,8	17,8

Bruk av driftsresultatet

Disponering av overskott 2014

Kommunestyret gjorde vedtak om at overskottet på 5,2 mill. kroner for 2014, skulle disponerast med 0,9 mill. kroner kroner avsett til generelt disposisjonsfond og 4,3 mill. kroner til dekning av uføresette utgifter inn mot utbetring tak rådhuset, og til radontiltak.

Overføring til investeringar

Det er brukt 1,8 mill. kroner til investeringar frå drift. I tillegg er ikkje brukte midlar til investeringar, men disponert til dette føremålet, avsett til disposisjonsfond for seinare bruk med 8,1 mill. kroner. Samla finansielt av drift til investeringar er 9,9 mill. kroner. Dette er i samsvar med budsjettvedtaket.

Overføring til fond

I samsvar med budsjettvedtak er det overført 2 mill. kroner til realvekstfond.

Overskott

Overskottet, etter avsetjing av driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett, er på 15,2 mill. kroner.

Ved framlegg av rekneskap vil det vera rådmannen si tilråding at dette overskottet i hovudsak blir sett av som oppbygging på investerings- og utviklingsfondet i samsvar med kommunestyret sitt vedtak for budsjett 2015. Men det kan vera trong for å gjera vurderingar også inn mot resultatområda si drift når kommunestyret skal handsama rekneskapen i juni.

Investeringar og utlån

Det er samla gjort investeringar på 124 mill. kroner i 2015 (143 mill. kroner i 2014). Dette er svært høgt. Summen er litt under nivå på investeringsbudsjettet for året (135 mill. kroner). I rekneskapen ligger prosjekter som blei budsjetttert i 2014 og tidlegare år, samstundes som det ligg budsjetterte midlar i 2015 der prosjekta ikkje er kome i gang, eller framdrift er forseinka. Samanlikning mellom budsjett og rekneskap er da vanskeleg å gjera direkte. Tyngda av investeringane er innanfor VAR-området.

Utdypande kommentarar og detaljer om dei einiskilde investeringsprosjekta går fram av det framlagde rekneskap og kommentarar frå resultatområda primært frå resultatområde teknisk i årsmeldinga for 2015.

Det har vore høg aktivitet på utlånsiden gjennom startlån også i 2015. Samla er det lånt ut 10,5 mill. kroner i 2015 (11,4 mill. kroner i 2014), og etterspurnaden har vore større enn det. Samla er det lånt ut 46 mill. kroner (42 mill. kroner i 2014) i startlån ved årsskiftet.

Balanserekneskapet

Anleggsmidler

Kommunens anleggsmidler ved årsskiftet var 2,356 mrd. kr. mot 2,221 mrd. kr. ved regnskapet for 2013. Deler av auken skuldast auke i verdi av våre pensjonsmidlar i KLP, desse utgjør 860 mill. kr ved årsskiftet. I anleggsmidlane ligg i hovudsak elles verdien av kommunens eigedomar herunder bygg. Samla er det bokført ein verdi på 1,322 mrd. kr. i faste eigedomar og anlegg (1,260 mrd. kr. i 2014).

Aksjekapital i ulike selskap er på 47,1 mill. kroner, herav Haugaland Kraft på 19,6 mill. kroner, KLP på 16,3 mill. kroner, Aksdal Næringspark på 8 mill. kroner og Tysvær Arena Drift på 2,5 mill. kroner.

Omløpsmidlar

Kommunens omløpsmidlar ved årsskiftet er på 340,1 mill. kroner mot 286,2 mill. kroner i 2014. Under omløpsmidlar ligger også plasserte midlar i bankobligasjonar på 43,9 mill. kroner, desse er svært likvide. Vidare utgjør kortsiktige fordringane 74 mill. kroner. Bankinnskota ved årsskiftet er 138 mill. kroner (75 mill. kroner i 2014): Likviditeten er god.

Kortsiktig gjeld

Samla kortsiktig gjeld er på 152 mill. kroner, mot 145 mill. kroner i 2014. Tyngda av kortsiktig gjeld er gjeld til leverandører av varer og tenester.

Langsiktig gjeld

Kommunen si lånegjeld er ved årsskiftet på 902,3 mill. kroner (819,3 mill. kroner pr. 1/1-2015). Auka lånegjeld er på 83 mill. kroner. Aukn har sin hovudårsak i budsjetterte låneopptak til gjennomføring av vedtekne investeringar til vatn og kloakk. Lånegjeld blir målt i høve til samla driftsinntekter i kommunar – dette skal gjenspegla vår evne til å betala avdrag og renter som konsekvens av lånegjeld. Ved årsskiftet er lånegjeld i % av samla driftsinntekter inklusiv renteinntekter (955 mill. kroner) på 94 % (89 % pr. 1/1-2015). Tala syner at vi er sterkt bundet opp på gjeldsiden.

Den handlingsregelen som kommunestyret har vedtatt dei siste åra – lånegjeldsdelen i % av samla driftsinntekter på det kommunen sjølv må dekkja skal vera stabilt – er det heilt sentralt for kommunen å oppnå i åra framover. Renteeksponert gjeld = det kommunen må dekkja inn med eigne midlar er ved årsskiftet på 470 mill. kroner (438 mill. kroner i 2013). Det inneber at 430 mill. kroner blir eller blir forutsatt heilt (både renter og avdrag) eller delvis (renter) dekkja av andre gjennom gebyr vatn og kloakk (grunnlag 224 mill. kroner), skuleutbygging (51 mill. kroner), omsorgsutbygging (26 mill. kroner), Tysvær arena (15 mill. kroner), Meny-bygget (35 mill. kroner), kyrkjene (4 mill. kroner), In finansiert med realvekstfond (24 mill. kroner) og startlån (46 mill. kroner). Renteeksponert lånegjeld i % av samla driftsinntekter (955 mill. kroner) utgjør med det 49 % (48 % i 2014) ved årsskiftet. Det er da stabilt gjeldsnivå frå førre årsskiftet. I berekningane har vi tatt med lån som kompenserte lån, sjølv om deler av lånemassen berre får dekkja renteutgiftene.

Under langsiktig gjeld ligger også våre pensjonsforpliktelser i KLP. Dette er midler vi skylder tidligere og nåværende ansatte i fremtidig pensjon. Dette utgjør 1070 mill. kroner, og blir å sjå opp mot våre pensjonsmidlar i KLP på 860 mill. kroner. Dette gjev årlege utslag på driftssida på pensjonsutgiftene. Forskjellen mellom vår pensjonsgjeld og midlane vi har til å dekkja blei noko redusert frå 2014 til 2015.

Eigenkapital

Samla eigenkapital er 571 mill. kroner (498 mill. kroner i 2014). I eigenkapitalen ligger alle fonda til kommunen. Samla fond er på 123 mill. kroner mot 111 mill. kroner i 2014. Ubundne fond (kommunestyret kan gjera vedtak om bruk, eller endra føremål i høve til tidlegare vedtak), utgjør 101 mill. kroner, av dette utgjør investerings- og utviklingsfondet 16 mill. kroner før kommunens driftsresultat for året er disponert.

Oppsummert økonomi 2015

Kommunen får eit vesentleg betre resultat for 2015 enn for 2014, og det vesentlege er at det er klart betre enn budsjett. Deler av årsaken til auke er at vi får mindreutgifter til pensjon og mindre renteutgifter, men mest gledeleg at resultatområda samla kjem godt ut. Eit netto driftsresultat på 4 % er svært bra. Lånegjeldsbildet er stabilt, der rundt 50 % blir dekkja heilt eller delvis av andre, når vi ser dette opp mot driftsinntektene som skal bidra til inndekninga. Oppsummert går vi inn i nytt rekneskapsår med eit positivt utgangspunkt.

Med bakgrunn i resultatet for 2015 vil det nå bli gjennomført ressursbruksanalyse for å sjå på kommunens utvikling frå 2011 til 2015. Førebelse tal viser at på dei to største områda; skule og pleie og omsorg, har ulik utvikling. I høve til landet er utgiftsnivå vesentleg redusert for skule, mens pleie og omsorg ligg på same nivå som i 2011. Talgrunnlaget av ressursbruken vil vera klar i slutten av juni. Analysen av talgrunnlaget vil vera grunnlag for rådmannens arbeid med budsjett for 2017.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	23.05.16	9/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK

Saksorientering:

I møtet i kontrollutvalet 09.02.16 fremma utvalsleiar Øystein Susort, i tillegg til spørsmål om kommunen sin eigarskapskontroll, følgjande under Eventuelt:

Kontrollutvalget ber om en gjennomgang/redegjørelse fra rådmannen innen neste møte på:

- 1. Hvordan saker er oversendt fra politisk utvalg til administrasjonen følges opp i dag?*
- 2. Hvorvidt det foreligger en oversikt som viser alle utestående saker, med tidspunkt for vedtak og når disse forventes bli lagt frem for behandling.*

Kontrollutvalget ber om en gjennomgang/redegjørelse fra rådmannen innen neste møte på:

- 1. Hvilke rapporteringsrutiner som finnes i dag til politiske utvalg for at disse er orienterte om saksomfang, vedtaksrutiner og avgjørelsesnivå i forhold til bruk av delegasjonsregelementet?*
- 2. Er det nedfelt skriftlige fullmakt og delegasjonsreglement fra rådmann og videre ned i organisasjonen?*

Kontrollutvalget ber om en gjennomgang/redegjørelse fra rådmannen innen neste møte på:

- Skriftlige rutiner og praksis rundt publisering, tilgjengelighet og innsyn i postliste,*
- Skriftlige rutiner og praksis rundt utsendelse og offentliggjøring av politisk saker til behandling, og tilhørende protokoller,*
- Skriftlige rutiner og praksis rundt korrespondanse og saker som unntas offentligheten.*

Det vil være naturlig å avvente gjennomgangen til etter at statsarkivet har hatt sitt varslede tilsyn som antas å finne sted i 2016, og at den redegjørelsen finner sted innen 30.06.2017.

I protokollen frå møtet i kontrollutvalet 09.02.16 er følgjande tatt inn:

Eigarskapskontroll

Utvalsleiaren gjorde framlegg om utvalet skulle be om ei tilbakemelding om korleis kommunen nyttar si eigarstyring. Utvalet slutta seg til framlegget.

Utvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Tysvær kontrollutval ber om ei tilbakemelding frå rådmannen innan og i neste møte 23.05.16 om det er nedfelt skriftlege retningslinjer, mandat og/eller ei eigarskapsmelding for eigarstyring for dei selskap/verksemder kor Tysvær kommune har oppnemnd representantar.

Kva mandat og informasjon/rapporteringsrutinar har dei oppnemnde representantane opp mot administrasjonen og politisk?

Politisk saker under arbeid i administrasjonen, fullmakter/delegasjonsreglement administrativt og offentleggjøring

Utvalsleiaren la også fram følgjande framlegg: 1. Politiske saker under arbeid i administrasjonen (for retur politisk behandling) 2. Administrative fullmakter/ delegasjonsreglement 3. Rutinar og praksis rundt publisering/offentleggjøring

Etter diskusjon og innvendingar på mange framlegg under Eventuelt i sakslista, blei desse framlegga trekt av utvalsleiar i møtet.

Det blei avtalt at desse framlegga blei sett opp på sakslista for neste utvalsmøte i mai.

Nestleiar Arne Gjerde har sendt til sekretariatet 08.03.16 følgjande innspel:

Viser til diskusjonen under Eventuelt på sist møte i kontrollutvalet, der leiar hadde fleire saksområde han ønskte saksbehandla.

No enda vel dette med at me tar dei fleste sakene til vanleg behandling på første møte, og medlemmene blei oppfordra til å koma med innspel til saksbehandlar. Som følge av dette, kjem eg med følgjande innspel til ev. bruk når det gjeld saka om oppfølging av politiske vedtak.

Under kurset som KPMG haldt for kontrollutvalet 09.02.16 kom det fram at eit av dei viktige saksområda til kontrollutvalet er å følgja med på at vedtekne saker av kommunestyret og ev. hovudutval blir gjennomførde, slik dei er vedtekne og i samsvar med føresett tidsperspektiv. Dette er administrasjonen sitt ansvar.

Dersom dette av ein eller annan grunn ikkje skjer, må grunnane for dette gjerast kjende for vedtaksorganet.

På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet:

- 1a) Korleis blir politiske vedtak følgt opp i dag?*
- 1b) Kva blir gjort dersom vedtak ikkje blir gjennomført - heilt eller delvis - slik føresetnaden i vedtaket var?*
- 2) Korleis blir oversendingsforslag frå eit politisk organ følgt opp?*
- 3) Finst det eit oversyn over saker som heilt eller delvis ikkje er følgt opp, med tidspkt. for vedtak, og plan for når desse blir gjennomført, ev. dato for nytt, endeleg vedtak?*

Saka er med dette lagd fram for utvalet, og sekretariatet vil be utvalet drøfta kva dei vil gjere med framlegga og vidare saksgang.

I møtet 23.05.16, sak 8/16 er også plan for forvaltningsrevisjon til handsaming og det kan her vere aktuelt å drøfta om desse temaene skal inn i planen.

Saka vert lagd fram utan innstilling.

Aksdal, 09.05.16

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	23.05.16	10/16
Kommunestyret	21.06.16	/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2020

- Vedlegg:**
1. Framlegg til Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
 2. Overordna analyse for Tysvær kommune, utarbeida av KPMG AS

Bakgrunn:

Etter forskrift om kontrollutval § 10 har kontrollutvalet ansvaret for å utarbeide og oppdatere plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal vere basert på ein overordna analyse av kommunen si verksemd ut ifrå ein risiko- og vesentlegheitsvurdering, med sikte på å identifisera behovet for forvaltningsrevisjon i kommunen.

Planen vert vedteken av kommunestyret sjølv, som kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering:

Utvalet engasjerte KPMG AS til å utarbeida analyse og framlegg til plan. Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 01.12.15, sak 24/15:

Tysvær kontrollutval godkjenner tilbodet frå KPMG AS på oppdraget med å utarbeide ein overordna analyse, Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020 for Tysvær kommune slik den ligg føre i tilbodet av 19.11.15.

KPMG AS inviterte til eit arbeidsmøte 18.01.16 der ordførar, rådmann og leiargruppa, medlemmer av kontrollutvalet og tillitsvalde deltok.

Forvaltningsrevisor Kari Hesjedal vil i dette møtet presentere den overordna analysen og framlegg til plan. Revisor vil gå igjennom analysen med vekt på dei prosjekt som dei har funne høgast risiko med når det gjelder å nå måla, regelverk og politisk vedtak, basert mellom anna på innspel som kom fram i arbeidsmøtet.

Analysen er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2.

Den overordna analysen er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine eigne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjør kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Planen 2012-2016

I den førre planen 2012-2016 var følgjande område prioritert og blei gjennomført revisjon av:

- Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg (2013)
- Budsjett- og økonomistyring (2014)
- Internkontroll (2015/16)

Følgende område var prioritert i den planen:

- Økonomi/ budsjett
- Brannberedskap
- Vedlikehald av kommunal bygg
- Budsjettoverskrivingar
- Utgifter i skulesektoren
- Samarbeid på tvers av tenestoområde
- Kommunen som organisasjon
- Internkontroll / kvalitetssystem
- Vedlikehald av kommunal bygg

Plan 2016-2020

I framlegget til ny plan har revisor i del 3 gjort framlegg om at følgjande område blir prioritert for ein mogleg forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2020 (i uprioritert rekkefølge):

- *Styring av investeringsprosjekt / avgjerdsgrunnlag for investeringar*
- *Kvalitet på opplæringa i skulane*
- *Vedlikehald – oppfølgingsrevisjon*
- *Informasjonssikkerheit og handsaming av personopplysningar*
- *Etterleving av lovpålagte oppgåver i brannvesenet*
- *Ivaretaking av nye oppgåver etter samhandlingsreformen*
- *Etterleving av regelverk innanfor sosiale tenester i NAV – kommunal del*
- *Tenestetilbod/kvalitet i høve til behovet innanfor rus- og psykiatritenestene*
- *Etterleving av lovkrav innan barnevernstenesta*
- *Økonomistyring – herunder handtering av*
 - *usikkerheit knytt til framtidig inntektsgrunnlag /*
 - *realisering av innsparingsvedtak*
- *Strategisk kompetansestyring*
- *Kommunen sin omstillingsevne*
- *Kvalitet/ressurseffektivitet innanfor pleie og omsorgstenestene*

Det er ikkje realistisk at planen inneheld meir enn 5-10 prosjekt, da årlege budsjettmidlar tilseier at det vert gjennomført eit til to prosjekt kvart år. Minstekravet i forskrift er ein forvaltningsrevisjon kvart år.

Når kontrollutvalet ser seg ferdig med prioriteringane i planen vil den vere klar for oversending til kommunestyret for slutthandsaming. Siste frist for å utarbeide plan er ifølgje lova seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert, men tolka slik at denne fristen ikkje krev at kommunestyret skal ha vedtatt planen før nyttår, men vore handsama i kontrollutvalet. Slik det ligg an i prosessen no, vil planen bli lagt fram for kommunestyret i juni eller til hausten.

Når eit prosjekt skal setjast i gong, må det planleggjast meir i detalj før ein startar opp. Kontrollutvalet må då, saman med revisor, foreta ei undersøking om dei aktuelle tema i prosjektet, og vurdere kva som er mest relevant og vesentleg å undersøke. Omfanget av prosjektet vil også vere avhengig av kor mange tema som vil vere viktige for kontrollutvalet å få svar på i ein rapport. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av prosjekt.

Kommunestyret bør delegere til kontrollutvalet å prioritere dei mest aktuelle prosjekta innfor vedteken plan, samt at dei kan å ta inn nye prosjekt i planen dersom det oppstår behov for det. Slik mynde var da også blitt gjeven tidlegaere.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Tysvær kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre/med desse endringane/tillegg og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden ved behov.

Aksdal, 09.05.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Forord

Kontrollutvalet har i møte den 1.12.2015 valt KPMG til å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon i Tysvær kommune. Planen skal vere fundert i ein overordna analyse av risiko- og vesentlegheit på tilhøva i kommunen. Det blir her lagt fram plan for forvaltningsrevisjon med vedlegg for overordna analyse. Planen skal bli vedteken av kommunestyret.

Formålet med planen er å peike ut område innanfor verksemda til Tysvær kommune som skal prioriterast med tanke på forvaltningsrevisjon.

Dette er ein plan for perioden 2016-2020.

I planen er det foreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen. Slik tilgang til å delegere går fram av forskrift om kontrollutval § 10¹.

Oppbygging av plandokumentet

I kapittel 1 er ein innleiing til planen, som skildrar bakgrunn, formål og metode som er nytta. I kapittel 2 er det kort gjort greie for formålet med forvaltningsrevisjon, lov- og forskriftskrav til forvaltningsrevisjon og ulike typar av forvaltningsrevisjon. I kapittel 3 er framlegg til prioritering av område for forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2020 i Tysvær kommune.

¹ Forskrift av 15. juni 2007 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, med heimel i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

Innhold

1	Innleiing	4
1.1	Bakgrunn for utarbeiding av planen	4
1.2	Formål	4
1.3	Metode	4
2	Om forvaltningsrevisjon	5
2.1	Formål med forvaltningsrevisjon	5
2.2	Lov- og forskriftskrav om forvaltningsrevisjon	5
2.3	Ulike typar av analysar i forvaltningsrevisjon	7
3	Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	9
3.1	Oversyn over identifiserte område for forvaltningsrevisjon	9
3.2	Framlegg til kommunestyret si prioritering av område for forvaltningsrevisjon	10

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for utarbeiding av planen

Kommuneloven § 77 nr. 4 pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon. Kommunen si verksemd skal årleg vere gjenstand for forvaltningsrevisjon.² Det skal lagast ein plan for gjennomføringa av forvaltningsrevisjon³. Planen må utarbeidast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, dvs. innan utgangen av 2016. Planen skal vedtakast av kommunestyret.

I kontrollutvalet sitt møte den 1.12.2015 vart KPMG vald til å utarbeide framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020 i Tysvær kommune. Planen er basert på ein overordna analyse av risiko- og vesentlegheitsvurderingar av den kommunale verksemda. Analysen er vedlagt denne planen.

1.2 Formål

Formålet med plan for forvaltningsrevisjon er å prioritere område som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i planperioden 2016-2020.

Planen for forvaltningsrevisjon gjer greie for:

- ✓ Formålet med forvaltningsrevisjon
- ✓ Kva reglar som gjeld for forvaltningsrevisjon
- ✓ Ulike typar av analyser for forvaltningsrevisjon
- ✓ Kva område som er prioritert for forvaltningsrevisjon i Tysvær kommune

1.3 Metode

Som det går fram av § 10 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal plan for forvaltningsrevisjon vere basert på risiko og vesentlegheitsvurderingar. Framgangsmåte for utarbeiding av overordna analyse av risiko- og vesentlegheitsvurderingar, og plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, er nedfelt i tilbodet frå KPMG av 23.11.15. Overordna analyse er vedlagt planen. Omgrep og metode er også nærmare skildra i dette vedlegget.

Framlegg til analysen utgjer grunnlaget for framlegg av denne planen. Analysen er vidare handsama i kontrollutvalet 23.5.2016. I møtet vurderte kontrollutvalet risiko, og prioriterte og valte ut område som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i planperioden.

² Forskrift om kontrollutval § 9.

³ Forskrift om kontrollutval § 10.

2 Om forvaltningsrevisjon

2.1 Formål med forvaltningsrevisjon

Formålet med forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske undersøkingar av den kommunale verksemda retta mot økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Forvaltningsrevisjon skal gi kommunestyret relevant informasjon om verknader av offentlege tiltak. Forvaltningsrevisjonen skal bidra til å gi kommunestyret eit betre grunnlag for å treffe vedtak, eventuelt endre tidligare vedtak, samt bidra til ei betre og meir effektiv forvaltning.

2.2 Lov- og forskriftskrav om forvaltningsrevisjon

Krav til forvaltningsrevisjon er lovheimla i kommunelova og utdjupa i forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval.

2.2.1 Kommuneloven

Kommuneloven § 77 nr. 4 pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon. Regelen omhandlar ansvaret og oppgåvene til kontrollutvalet og lyd:

“4. Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).”

I forarbeida⁴ til kommuneloven går det fram at kontrollutvalet utfører forvaltningsrevisjon, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunen blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.

2.2.2 Forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval

Forskrift om revisjon regulerer nærmare innhaldet i forvaltningsrevisjon. Forskrifta har reglar om:

- ✓ Plikt til utføre forvaltningsrevisjon, § 6.
- ✓ Innhald i forvaltningsrevisjon, i § 7.
- ✓ Rapportering om forvaltningsrevisjon, § 8.

Plikt til utføre forvaltningsrevisjon

Kommunen si verksemd skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon og forvaltningsrevisjon skal skje på den måten som er fastsett i forskrift om revisjon kapittel 3.

⁴ Ot.prp.nr.70 (2002-2003)

Forvaltningsrevisjon kan utførast av den som er ansvarleg for revisjon av kommunen sin årsrekneskap. KPMG er kommunen sin revisor og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet. Dersom eit revisjonsselskap/anna føretak/selskap utfører forvaltningsrevisjon skal ansvarleg forvaltningsrevisor utpeikast for kvart oppdrag (oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor).

Innhald i forvaltningsrevisjonen

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. Dette omfattar undersøking av om:

- a) forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og føresetnadar,
- b) forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er på området,
- c) regelverket vert etterlevd
- d) forvaltninga sine styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) avgjerdsgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,
- f) resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnadar og/eller om resultata for verksemda er nådd.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i høve til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området (NKRF sin RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon). Det skal etablerast revisjonskriterium for det einkilde prosjekt.

Rapportering om forvaltningsrevisjon

Revisor skal fortløpande rapportere til kontrollutvalet om resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

Det er viktig at administrasjonssjefen får høve til å gi uttrykk for sitt syn på dei forhold som går fram av rapporten. Administrasjonssjefen sine kommentarar skal går fram av rapporten, slik at desse vert kjent for kontrollutvalet og kommunestyret. Dette bidreg til saksopplysning og verifisering av det datagrunnlaget rapporten bygger sine vurderingar og konklusjonar på.

Dersom eit kommunalt føretak er gjenstand for forvaltningsrevisjon, skal styret og dagleg leiar bli gitt høve til å gi uttrykk for sitt syn på dei forholda som går fram av rapporten.

Forskrift om kontrollutval kapittel 5 fastset kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon. Forskrifta har mellom anna reglar om:

- ✓ Årlege forvaltningsrevisjonar, § 9
- ✓ Rapportar om forvaltningsrevisjon, § 11.
- ✓ Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar, § 12

Årlege forvaltningsrevisjonar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen si verksemd årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Rapportar om forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, avgi rapport til kommunestyret om kva forvaltningsrevisjonar som er gjennomført og om resultata av desse.

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknytning til handsaming av rapporter om forvaltningsrevisjon vert fylgt opp, og gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er fylgt opp. Det viktig at kontrollutvalet fylgjer opp korleis administrasjonen har gjennomført kommunestyret sine merknader, dette også for at kontrollutvalet skal


kunne ta i vare plikta som kontrollutvalet har til å rapportera om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er fylgt opp på ein tilfredsstillande måte.

2.3 Ulike typar av analysar i forvaltningsrevisjon


Forvaltningsrevisjon kan vinklast ut frå ein eller fleire analysetypar. Val av problemstillingar og revisjonskriteria bør sjåast i samanheng med kva analysetypar som vert valt i forvaltningsrevisjonsprosjekt. Døme på ulike analysar er:

Analysetype	Skildring
Mål- og resultatanalysar	Med fokus m.a. på effektar og verknader (outcome) av verksemd sett i forhold til formål og målsettingar.
System- og prosessanalysar	Med fokus m.a. på internkontroll, sikkerheitsaspekt, prosessuelle rutinar og prosedyrar (throughput); om desse er tilfredsstillande sett i forhold til krav som gjeld.
Produktivitet og effektivitetsanalysar	Med fokus m.a. på forholdet mellom input og output; forholdet mellom innsatsfaktorar og resultat.
Compliance analyser	Analysar med spesielt fokus på samsvar mellom de facto utføring og pålagte krav/rammevilkår.
Induktive analyser	Analysar med spesielt fokus på opplevde eller potensielle problemområde.

Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast på alle sektorar i den kommunale verksemda; skule, barnevern, helsesektoren, administrasjon mv. Forvaltningsrevisjon er eit eigna verkemiddel for å undersøke alle sider ved kommunal verksemd, herunder vurdere effektivitet i høve til prosessar, kostnader, produktivitet og måloppnåing. Dette er illustrert i figuren under:



Val av analysetype heng også saman med kva perspektiv som vert lagt til grunn for forvaltningsrevisjonen. Figuren under syner ulike perspektiv som kan ligge til grunn for det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt - åleine eller i kombinasjon med fleire perspektiv:



Til dømes vil brukarperspektiv vere sentralt i ein forvaltningsrevisjon av tenestetilbodet i pleie- og omsorgssektoren, medan vedtaksperspektivet vil vere sentralt i ein forvaltningsrevisjon retta mot oppfølging av politiske vedtak.

Perspektiv vil vere styrande for gjennomføringa av forvaltningsrevisjon, herunder val av formål, problemstillingar, revisjonskriteria og metodikkar for innsamling av data mv. Kva perspektiv som vert vektlagt avheng av føringar frå kontrollutvalet.

3 Plan for forvaltnings- revisjon 2016-2020

3.1 Oversyn over identifiserte område for forvaltningsrevisjon

Den overordna analysen, som er vedlagt planen, gir eit oversyn over identifiserte og mulige område for forvaltningsrevisjon. Desse områda har kontrollutvalet teke utgangspunkt i ved prioritering og val av område for forvaltningsrevisjon.

Prioriteringa er mellom anna gjort ut frå følgjande omsyn:

- ✓ liv og helse
- ✓ sikring av verdiar
- ✓ brukarperspektiv - oppfylling av brukarrettigheiter og kvalitet
- ✓ kostnadseffektivitet
- ✓ politisk aktualitet og formålseffektivitet
- ✓ forbettringspotensial
- ✓ tidligare gjennomført forvaltningsrevisjon

Den overordna analysen identifiserer først og fremst område for forvaltningsrevisjon, medan ein ved bestillinga av enkeltståande prosjekt vil nærmare spisse og operasjonalisere kva som skal vere tema og gjenstand for revisjon, ved hjelp av konkrete formål, problemstillingar og revisjonskriteria.

3.2 Framlegg til kommunestyret prioritering av område for forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i den overordna analysen prioriterer kommunestyret følgjande område for forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2020, i uprioritert rekkefølge:

1. Styring av investeringsprosjekt / avgjerdsgrunnlag for investeringar
2. Kvalitet på opplæringa i skulane
3. Vedlikehald - oppfølgingsrevisjon
4. Informasjonssikkerheit og handsaming av personopplysningar
5. Etterleving av lovpålagte oppgåver i brannvesenet
6. Ivaretaking av nye oppgåver etter Samhandlingsreformen
7. Etterleving av regelverk innan sosiale tenester i NAV - kommunal del
8. Etterleving av lovkrav innan barnevernstenesta
9. Økonomistyring – herunder
 - a. handtering av usikkerheit i inntektsgrunnlag /
 - b. realisering av innsparingsvedtak
10. Strategisk kompetansestyring
11. Kommunen sin omstillingsevne
12. Kvalitet/ressurseeffektivitet innanfor pleie og omsorgstenestene

Områda er nærare omtale i vedlegg, Overordna analyse.

Det vert foreslått at kommunestyret delegerer til kontrollutvalet mynde til og gjere endringar i plan for forvaltningsrevisjon i planperioden 2016-2020, slik at kontrollutvalet kan velje forvaltningsrevisjonar innanfor alle identifiserte område lista i vedlegg til planen; Overordna analyse, dersom risikobilete endrar seg i planperioden eller det oppstår behov for å gjere forvaltningsrevisjon på andre område enn dei som er lista over.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	23.05.16	11/16
Kommunestyret	21.06.16	/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2020

- Vedlegg:**
1. Framlegg til plan for selskapskontroll i Tysvær kommune 2016 - 2020
 2. Overordna analyse for selskapskontroll
 3. Retningslinjer for selskapskontroll 2016-2020, vedtatt fyrste gong i 2006

Bakgrunn:

Det går fram av kommunelova § 80 og forskrift om kontrollutval kap. 6 at det skal utarbeidast ein eigen plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal godkjennast av kommunestyret innan utgangen av fyrste året i kvar valperiode.

Planen vert vedteken av kommunestyret sjølv, som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering:

Utvalet har engasjert KPMG AS til å utarbeide analyse og framlegg til plan. Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 0.12.15, sak 24/15:

Tysvær kontrollutval godkjenner tilbodet frå KPMG AS på oppdraget med å utarbeide ein overordna analyse, plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020 for Tysvær kommune slik den ligg føre i tilbodet av 19.11.15.

KPMG AS inviterte til eit arbeidsmøte 18.01.16 der ordførar, rådmann og leiargruppa, medlemmer av kontrollutvalet og tillitsvalde deltok.

Forvaltningsrevisor Kari Hesjedal vil i dette møtet presentere den overordna analysen for selskapskontroll og utkast til plan for selskapskontroll. Revisor vil gå igjennom analysen med vekt på dei områda/selskapa som dei har funne har høgast risiko når det gjelder vesentligheit og risiko for avvik.

Analysen er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2.

Analysen er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine egne vurderingar, skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i planen. Vurderingane skal ta omsyn til risiko og vesentligheit (kva konsekvens får eit avvik og kor sannsynleg er det at eit avvik vil oppstå), knytt til dei enkelte framlegga.

Tidlegare planar

Tysvær kommune har ikkje egne heleigde selskap og i fylgje vedtatte retningslinjer bør kontrollar samordnast med dei andre eigarkommunane. Fyrste plan blei vedtatt i 2006 for perioden 2006-2007. I neste plan for perioden 2008-2011, vedtatt 17.02.09, sak 3/09, blei det planlagt to kontrollar. Det var eigarskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS. Desse blei gjennomført saman med dei andre eigarkommunane.

I 2012 gjorde sekretariatet framlegg om at vert lagt opp til gjennomføring av ca. fire prosjekt i løpet av dei neste fire åra. Det eine prosjekt gjaldt kommunen sin eigarstyring/eigarstrategi og dei andre var selskap som Krisesenter Vest IKS, Haugaland Vekst IKS, Haugaland Kraft AS m/dotterselskap eller Karmsund Interkommunale Havnevesen IKS.

I førre periode 2012-2016 blei det gjennomført selskapskontroll av Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS og Haugaland Kraft/Haugaland Næringspark AS, saman med dei andre eigarkommunane, men ingen om eigarstyring.

Plan for 2016-2020

Vedlagt følgjer utkast til Plan for gjennomføring av selskapskontroll for perioden 2012-2016.

I framlegget til ny plan har revisor i del 3 gjort framlegg om at følgjande område blir prioritert for ein mogleg selskapskontroll eller eigarskapskontroll i perioden 2016-2020, i uprioritert rekkefølge:

- **Generell selskapskontroll med Tysvær kommune si eigarstyring**
- **Karmsund Havn IKS**
- **Krisesenter Vest IKS**
- **Haugaland Vekst IKS**
- **Haugalandspakken AS**

Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjer kva selskap som eventuelt skal bli gjenstand for kontroll og val av prosjekt.

Evaluering av retningslinjer

Tysvær kommune sine retningslinjer for selskapskontroll trådde i kraft då kommunestyret slutta seg til desse i 2006. Dei er seinare blitt lagde fram for kommunestyret i 2009 og 2012. I følgje gjeldande retningslinjer pkt. 12 skal desse evaluerast samtidig med revidering av Plan for selskapskontroll. Retningslinjene følgjer saka som vedlegg 3.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det er behov for endringar eller tillegg, med unntak av årleg innsending av firmaattest i pkt. 10, som det blir gjort framlegg om blir tatt ut. Med dagens tilgong via Alltinn har informasjonstilgongen blitt betre sidan retningslinjene blei utarbeida i 2006.

Det som sekretariatet igjen vil innskjerpe, er selskapa si plikt til å sende innkallingar og sakspapira til sekretariatet ved utsending til representantskapsmøte, då nokre av dei små selskapa fortsatt ikkje har fått det inn i sine rutinar.


**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL
KOMMUNESTYRET:**

Tysvær kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2020 slik den ligg føre/ med endringar/tillegga.

Retningslinjer for selskapskontroll i Tysvær kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Akødal, 09.05.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	23.05.16	11/16
Kommunestyret	21.06.16	/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2020

- Vedlegg:**
1. Framlegg til plan for selskapskontroll i Tysvær kommune 2016 - 2020
 2. Overordna analyse for selskapskontroll
 3. Retningslinjer for selskapskontroll 2016-2020, vedtatt fyrste gong i 2006

Bakgrunn:

Det går fram av kommunelova § 80 og forskrift om kontrollutval kap. 6 at det skal utarbeidast ein eigen plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal godkjennast av kommunestyret innan utgangen av fyrste året i kvar valperiode.

Planen vert vedteken av kommunestyret sjølv, som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering:

Utvalet har engasjert KPMG AS til å utarbeide analyse og framlegg til plan. Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 0.12.15, sak 24/15:

Tysvær kontrollutval godkjenner tilbodet frå KPMG AS på oppdraget med å utarbeide ein overordna analyse, plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020 for Tysvær kommune slik den ligg føre i tilbodet av 19.11.15.

KPMG AS inviterte til eit arbeidsmøte 18.01.16 der ordførar, rådmann og leiargruppa, medlemmer av kontrollutvalet og tillitsvalde deltok.

Forvaltningsrevisor Kari Hesjedal vil i dette møtet presentere den overordna analysen for selskapskontroll og utkast til plan for selskapskontroll. Revisor vil gå igjennom analysen med vekt på dei områda/selskapa som dei har funne har høgast risiko når det gjelder vesentligheit og risiko for avvik.

Analysen er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2.

Analysen er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine egne vurderingar, skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i planen. Vurderingane skal ta omsyn til risiko og vesentligheit (kva konsekvens får eit avvik og kor sannsynleg er det at eit avvik vil oppstå), knytt til dei enkelte framlegga.

Tidlegare planar

Tysvær kommune har ikkje egne heleigde selskap og i fylgje vedtatte retningslinjer bør kontrollar samordnast med dei andre eigarkommunane. Fyrste plan blei vedtatt i 2006 for perioden 2006-2007. I neste plan for perioden 2008-2011, vedtatt 17.02.09, sak 3/09, blei det planlagt to kontrollar. Det var eigarskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS. Desse blei gjennomført saman med dei andre eigarkommunane.

I 2012 gjorde sekretariatet framlegg om at vert lagt opp til gjennomføring av ca. fire prosjekt i løpet av dei neste fire åra. Det eine prosjekt gjaldt kommunen sin eigarstyring/eigarstrategi og dei andre var selskap som Kriesenter Vest IKS, Haugaland Vekst IKS, Haugaland Kraft AS m/dotterselskap eller Karmsund Interkommunale Havnevesen IKS.

I førre periode 2012-2016 blei det gjennomført selskapskontroll av Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS og Haugaland Kraft/Haugaland Næringspark AS, saman med dei andre eigarkommunane, men ingen om eigarstyring.

Plan for 2016-2020

Vedlagt følger utkast til Plan for gjennomføring av selskapskontroll for perioden 2012-2016.

I framlegget til ny plan har revisor i del 3 gjort framlegg om at følgjande område blir prioritert for ein mogleg selskapskontroll eller eigarskapskontroll i perioden 2016-2020, i uprioritert rekkefølge:

- **Generell selskapskontroll med Tysvær kommune si eigarstyring**
- **Karmsund Havn IKS**
- **Kriesenter Vest IKS**
- **Haugaland Vekst IKS**
- **Haugalandspakken AS**

Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjer kva selskap som eventuelt skal bli gjenstand for kontroll og val av prosjekt.

Evaluering av retningslinjer

Tysvær kommune sine retningslinjer for selskapskontroll trådde i kraft då kommunestyret slutta seg til desse i 2006. Dei er seinare blitt lagde fram for kommunestyret i 2009 og 2012. I følgje gjeldande retningslinjer pkt. 12 skal desse evaluerast samtidig med revidering av Plan for selskapskontroll. Retningslinjene følgjer saka som vedlegg 3.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det er behov for endringar eller tillegg, med unntak av årleg innsending av firmaattest i pkt. 10, som det blir gjort framlegg om blir tatt ut. Med dagens tilgong via Alltinn har informasjonstilgongen blitt betre sidan retningslinjene blei utarbeida i 2006.

Det som sekretariatet igjen vil innskjerpe, er selskapa si plikt til å sende innkallingar og sakspapira til sekretariatet ved utsending til representantskapsmøte, då nokre av dei små selskapa fortsatt ikkje har fått det inn i sine rutinar.


SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Tysvær kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2020 slik den ligg føre/ med endringar/tillegga.

Retningslinjer for selskapskontroll i Tysvær kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Aksdal, 09.05.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær




Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 14.04.16
Journalført: 16 / 137 / tne
Arkivkode: 217

Plan for selskapskontroll 2016-2020

Tysvær kommune

Februar 2016

www.kpmg.no



Forord

I kontrollutvalet sitt møte den 1.12.2015 vart KPMG valt til å utarbeide plan for selskapskontroll i Tysvær kommune for perioden 2016-2020, i høve til tilbodet frå KPMG av 23.11.15.

Det blir her lagt fram plan for selskapskontroll. Planen for selskapskontroll prioriterer selskap for kontroll. Planen er fundert i ein overordna analyse av risiko- og vesentlegheit knytt til selskap kommunen eig. Den overordna analysen ligg ved planen.

Planen skal bli vedteken av kommunestyret. I planen vert det foreslått at kommunestyre delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen. Slik tilgang til å delegere går fram av forskrift om kontrollutval § 13¹.

Oppbygging av plandokumentet

I kapittel 1 er ein innleiing til planen, som skildrar bakgrunn, føremål og metode som er nytta. I kapittel 2 er det kort gjort greie for føremålet med selskapskontroll, lov- og forskriftskrav til selskapskontroll og ulike typar av selskapskontroll. I kapittel 3 er oversikt over selskap kommunen eig, og framlegg til prioritering av selskap for selskapskontroll i perioden 2016-2020.

¹ Forskrift av 15. juni 2007 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, med heimel i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

Innhold

1	Innleiing	4
1.1	Bakgrunn for utarbeiding av planen	4
1.2	Formål	4
1.3	Metode	4
2	Om selskapskontroll	5
2.1	Formål med selskapskontroll	5
2.2	Lov- og forskriftskrav om selskapskontroll	5
2.3	Ulike typar selskapskontroll	8
3	Plan for selskapskontroll 2016-2020	10
3.1	Selskap kommunen har eigardel i	10
3.2	Framlegg til prioritering av selskap for selskapskontroll i planperioden	11

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for utarbeiding av planen

Kommuneloven § 77 nr. 5 pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert gjennomført selskapskontroll med eit eller fleire av selskapa som kommunen eig i løpet av valperioden. Det skal lagast ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen må utarbeidast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, dvs. innan utgangen av 2016. Planen skal vedtakast av kommunestyret.

Planen skal baserast på ein overordna analyse av risiko - og vesentlegheitsvurderingar knytt til selskap kommunen eig. Analysen er vedlagt denne planen.

1.2 Formål

Formålet med plan for selskapskontroll er å prioritere selskap som kan vere aktuelle for selskapskontroll i planperioden 2016-2020.

Planen for selskapskontroll gjer greie for:

- ✓ Formålet med selskapskontroll.
- ✓ Kva reglar som gjeld for selskapskontroll.
- ✓ Ulike typar av selskapskontroll.
- ✓ Kva selskap som er prioritert for selskapskontroll i Tysvær kommune.

1.3 Metode

Framgangsmåte for utarbeiding av overordna analyse av risiko- og vesentlegheitsvurderingar og plan for selskapskontroll 2016-2020 er nedfelt i tilbodet frå KPMG av 16.11.15, samt skildrast i vedlegg til plan for selskapskontroll - overordna analyse. Framlegg til analysen utgjer grunnlaget for planframlegget. Analysen er handsama i kontrollutvalet 23.5.2016. I møtet vurderte kontrollutvalet risiko, og prioriterte og valte ut selskap som kan vere aktuelle for selskapskontroll i planperioden. Overordna analyse er vedlagt planen, og metode for utarbeiding av analysen er nærmare skildra i vedlegget.

2 Om selskapskontroll

2.1 Formål med selskapskontroll

Formålet med selskapskontrollen er å ta i vare kommunen sin kontroll med verksemd i fristilte selskap.

I kommunal sektor er det blitt meir og meir vanleg å organisere delar av tenesteproduksjonen i fristilte selskap, stiftingar og liknande. Kommunen kan velje å organisere verksemda si på fleire måtar, der dei mest nærliggjande er:

- ✓ Som ein kommunal etat eller verksemd på tradisjonell måte innanfor forvaltninga.
- ✓ Som kommunalt føretak etter kommunelova sitt kapittel 11.
- ✓ Som interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 utan at det er eit eige rettssubjekt².
- ✓ Som interkommunalt selskap etter lov om interkommunale selskap.
- ✓ Som aksjeselskap.

Selskapsorganisering kan gje styringsmessige utfordringar for kommunestyre som øvste avgjerdstakar. I tillegg reiser det spørsmål i høve til tilsyn og kontroll med denne type organisering av verksemd. Det faktum at ei oppgåve som tidlegare låg innanfor forvaltninga vert organisert inn i eit utanforliggjande selskap, bør ikkje i seg sjølv føre til mindre tilsyn og oppfølging av kontroll- og tilsynsorgana i kommunen. Tvert om, det kan være naudsynt med ein auke i oppfølging og koordinering då verksemda ligg utanfor dei tradisjonelle forvaltningsorgana. Sjølv om kommunen organiserer delar av verksemda i selskapsform inneberer ikkje det at kommunen sin kontroll med verksemda skal bli svekka. Formålet med selskapskontrollen er soleis å ta i vare kommunen sin kontroll med verksemd som er organisert i selskapsform.

2.2 Lov- og forskriftskrav om selskapskontroll

Krav til selskapskontroll er lovheimla i kommunelova og utdjupa i forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval.

2.2.1 Kommuneloven

Som følgje av endringane i kommunelova om tilsyn og kontroll, gjeldande frå 1.7.04, blei kontrollutvalet sine oppgåver konkretisert og til dels utvida i høve til tidlegare. Kontroll og tilsyn med kommunalt eigde selskap stod fram som ei prioritert oppgåve, og det blei teke inn eigne reglar om selskapskontroll, både i kommunelova og i reviderte forskrifter for kontrollutval.

Kommunelova § 77 nr. 5 fastset at "Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m." § 77 medfører at kontroll med kommunen sine eigarinteressar i selskap vert obligatorisk å gjennomføre for kontrollutvalet.

² Rettssubjekt kan ha rettigheter og påta seg pliktar, Jusleksikon, 2002

Av lovforarbeida³ til kommuneloven § 77 nr. 5 går fram at "bestemmelsen må ses i sammenheng med § 79 (nåværende § 80, vår tilføyning) som gir kontrollutvalget og kommunens revisor adgang til å kreve informasjon og foreta undersøkelser i slike selskaper".

Kommunelova § 80 lyd:

"I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner eier alle aksjer, og i heleide datterselskaper til slike selskaper, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg² og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ."

§ 80 fastset at kontrollutvalet og revisor har rett til å krevje naudsynte opplysningar for gjennomføring av kontroll i:

- ✓ Interkommunale selskap.
- ✓ Aksjeselskap der ein kommune/fylkeskommune åleine eller saman med andre kommunar/ fylkeskommunar eig alle aksjar.
- ✓ Heileigde dotterselskap til slike selskap

Selskapskontroll etter kommuneloven er difor aktuelt i interkommunale selskap og aksjeselskap, som er heileigd av kommunen saman med andre kommunar/ fylkeskommunar. Dette går og fram av NKRF⁴ sin rettleiar for selskapskontroll, "i første rekke er (selskapskontroll) aktuelt for interkommunale selskaper (...) og aksjeselskaper(...)"

Denne avgrensinga har samanheng med at det berre er i nemnte selskap at kontrollutval og revisor har innsynsrett. Kommuneloven § 80 inneber at kontrollutval og revisor kan krevje opplysningar som er naudsynt for gjennomføring av selskapskontroll i interkommunale selskap og aksjeselskap. Opplysning kan krevjast frå dagleg leiar i selskapet, styret og selskapet sin revisor.

Kontrollutval og revisor kan om naudsynt foreta egne undersøkingar i selskapet som ledd i selskapskontrollen. Retten til opplysningar og til å foreta undersøkingar er ein viktig føresetnad for gjennomføring av selskapskontroll og legg til rette for kontroll og innsyn i kommunen sine selskap for kommunen sine egne kontrollorgan – kontrollutvalet og revisor.⁵

Kommuneloven gir ikkje kommunar tilsvarande adgang til selskapskontroll for selskap som har andre enn kommune/fylkeskommune som eigar, til dømes private og staten som eigarar i tillegg til kommunar. Dette fordi slik adgang til selskapskontroll ville gje kommunen som eigar ein ugrunna særfordel samanlikna med dei andre eigarane. Når det gjeld eventuelle utfordringar i samband med å koordinere innsyn og kontroll i selskap med fleire eigarar, er samordninga av dette overlate til eigarkommunane sjølve.⁶

³ Ot.prp.70 (2002-2003).

⁴ Norges kommunerevisorforbund.

⁵ Ot.prp.70 (2002-2003).

⁶ Ot.prp.70 (2002-2003).

§ 80 fastset og at kommunestyret kan gje reglar om kontrollen med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kommunestyret kan ikkje innskrenke innsynsretten kontrollutval og revisor har etter § 80.

Kommunestyret kan og fastsette reglar for kva dokument som skal sendast kommunen sitt kontrollutval og revisor. Dette er ein viktig føresetnad for kontrollutvalet sitt arbeid med selskapskontroll, mellom anna for å kunne ta stilling til behov for selskapskontroll og som eit viktig bidrag til å vere laupande informert om stoda i selskapa kommunen eig.

2.2.2 Forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval

Forskrift om kontrollutval regulerer nærmare innhaldet i selskapskontrollen. Forskrifta har reglar om:

- ✓ Gjennomføring av selskapskontroll i § 13.
- ✓ Innhald i selskapskontroll i § 14.
- ✓ Rapportering av selskapskontroll i § 15.

Gjennomføring av selskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det førast kontroll med forvaltninga av kommunen eller fylkeskommunens sine interesser i selskap m.m.

Kontrollutvalet skal minst éin gang i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baserast på ein overordna analyse av kommunen eller fylkeskommunen sine eigarskap ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på dei ulike sektorar og med dei ulike selskapa. Planen skal vedtakast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalet avgjer sjølv kven som på utvalet sine vegne skal gjennomføre selskapskontroll

Av merknadene til forskrift om kontrollutval § 13 går det fram at det er i høve til interkommunale selskap og kommunalt eigde aksjeselskap at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan krevje opplysningar dei finn påkravd for sin kontroll med selskapet.

Innhald i selskapskontroll

Innhaldet i selskapskontrollen kan delast inn i 1) obligatorisk eigarskapskontroll og 2) frivillig forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det gjennomførast obligatorisk eigarskapskontroll med forvaltninga av eigarinteressene i dei selskap som er omfatta av slik kontroll. Dette omfattar kontroll med om den som utøvar kommunen sine eigarinteresser i selskap gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Det går ikkje fram av forskrift om kontrollutval § 14, men det kan ofte vere tenleg å skilje mellom kontroll ved etablering av selskap og ved kontroll av drift i selskap som alt er etablert. Ved kontroll av drift i eit selskap, kan det i tillegg til det som går fram av § 14 vere fornuftig:

- ✓ Å vurdere drifta på bakgrunn av eit eigarperspektiv.
- ✓ Å kontrollere andre tilhøve som kan ha verdi for eigarposisjonane, t.d. eventuelle garantiar og plikter som følgjer eigardelen.

Dersom nokon i kommunestyret er styremedlemmer i verksemd som inngår i selskapskontrollen, kan det og vere tenleg å vurdere kva rolle desse utøvar.

Selskapskontrollen kan og omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon kap. 3. Forvaltningsrevisjon er frivillig og ikkje ein del av den obligatoriske selskapskontrollen (eigarskapskontrollen).

Rapportering av selskapskontroll

Kontrollutvalet plikter å rapportere til kommunestyret i høve til planen for selskapskontroll; om kva kontrollar som er gjennomført og resultatet av desse. I merknad til forskrift om kontrollutal § 15 vert det tilrådd at ein rapporterer til kommunestyret etter kvar selskapskontroll.

Kontrollutvalet fastset sjølv korleis utvalet vil rapportere utført selskapskontroll til kommunestyret, og kva innhald rapporteringa skal ha.


Selskap som er omfatta av selskapskontroll skal gjevast høve til å gi kommentarar til dei tilhøve som vert skildra i rapporten. Dette bidreg til opplysning av datagrunnlaget som selskapskontrollen bygger på og bidreg til å sikre forsvarleg sakshandsaming. Eventuelle kommentarar skal gå fram av rapporten.

2.3 Ulike typar selskapskontroll

Selskapskontrollen kan delast inn i to typar; obligatorisk eigarskapskontroll og frivillig forvaltningsrevisjon av selskap, illustrert i figuren under:

Selskapskontroll	
Obligatorisk eigarskapskontroll:	Valfri forvaltningsrevisjon:
Kontroll med forvaltinga av kommunen sine eigarinteresser i selskap	Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar

Skjematisk kan selskapskontrollen framstillast slik:



2.3.1 Obligatorisk eigarskapskontroll

Føremålet med eigarskapskontroll er å undersøke om kommunen si eigarinteresse i selskapet vert teken i vare, i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader for eigarskapen.

Eigarskapskontroll vil mellom anna innehalde:

- ✓ Kontroll med at verksemda skjer i samsvar med gjeldande lover og reglar, herunder innanfor dei rammer som vedtektene gjev.
- ✓ Kontroll med at verksemda skjer innanfor rammene av kommunen sine vedtak og føresetnader.
- ✓ Vurdering av den einskilde verksemda sett frå eit eigarperspektiv.

Dersom kommunen har oppnemnt medlemmer til styret i verksemda, kan det også vere aktuelt å vurdere kva rolle desse utøvar, mellom anna i kva grad dei sikrar at verksemda vert driven innanfor kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Når det gjeld vurderingar i høve til eigarperspektivet, vil fokus mellom anna bli sett på om verksemda vert driven økonomisk forsvarleg og at verksemda forvaltar sine eigedelar og kapital på ein sunn og effektiv måte.

For gjennomføring av obligatorisk eigarskapskontroll vil det vere sentralt å gjennomgå fylgjande dokument frå selskapa årsrekneskapen, årsmelding, revisjonsmelding, nummererte brev frå revisor, møteinnkallingar - og protokollar frå generalforsamling/representantskap og styremøte.

2.3.2 Frivillig forvaltningsrevisjon i selskap

Her er føremålet å undersøke andre sider ved selskapet si drift/verksemd enn forvaltninga av eigarinteressene til kommunen. Forvaltningsrevisjon vert utført gjennom systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader av tiltak. Forvaltningsrevisjon skal gje relevant informasjon til kommunestyret om selskapet, som ledd i kommunestyret sin kontroll, herunder gje kommunestyret eit betre grunnlag for å treffe vedtak, eventuelt endre eller endre tidlegare vedtak.

3 Plan for selskapskontroll

2016-2020

3.1 Selskap kommunen har eigardel i

Tabellen under syner dei 10 selskap Tysvær kommune har eigarskap i, og som fell inn under reglane for selskapskontroll etter § 80 (obligatorisk eigarskapskontroll):

Selskap	Eigardel
Haugaland Bompengeselskap AS	33,33 %
Haugaland interkommunale miljøverk IKS	17 %
Haugalandspakken AS	12,5 %
Haugaland Kraft AS	9,80 %
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS	9,11 %
Haugaland Vekst IKS	9,09 %
Karmsund Havn IKS	7,69 %
Krisesenter Vest IKS	5,89 %
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	5,02 %
Odda Vegfinans AS	4 %

Tabellen under syner dei andre sju selskapa som kommunen har eigarinteresser i, men som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80, då:

- ✓ Selskapet har eigarar som ikkje er kommunar eller fylkeskommunar
- ✓ Selskapet ikkje er etablert som eit AS eller IKS

Selskap	Eigardel
Tysvær Arena Drift AS	97,41 %
Aksdal Næringspark AS	40,00 %
Musikkselskapet Nordvegen AS	16,00 %
Haugalandsmuseene AS	12,00 %
AS Haugaland Industri	5,14 %
HIL-hallen AS	5 %
Destinasjon Haugesund og Haugalandet AS	3,49 %

3.2 Framlegg til prioritering av selskap for selskapskontroll i planperioden

3.2.1 Kriterium for prioritering av selskap

Kontrollutvalet har prioritert selskap for selskapskontroll med grunnlag i ein overordna analyse, som ligg vedlagt. Prioriteringa er mellom anna gjort ut frå fire overordna omsyn:

- ✓ Identifisering av selskapsform (AS, IKS, mv.)
- ✓ Eigarskap; kommunen sin eigardel i selskap
- ✓ Formål med selskapet
- ✓ Økonomi

I tillegg har følgjande omsyn vore aktuelle i prioriteringa:

- ✓ Aktivitetsnivå/produktivitet
- ✓ Formålseffektivitet
- ✓ Politisk aktualitet
- ✓ Om selskapet si verksemd primært er i eller retta inn mot å løyse oppgåver i kommunen/kommunale oppgåver
- ✓ Tidlegare gjennomført selskapskontroll

3.2.2 Kontrollutvalet si prioritering av selskap

Med utgangspunkt i den overordna analysen prioriterer kommunestyret å gjennomføre følgjande selskapskontrollar i perioden 2016-2020 for selskap som ligg innanfor kommunelova § 80:

- ✓ Generell selskapskontroll med Tysvær kommune si eigarstyring
- ✓ Karmsund Havn IKS
- ✓ Krisesenter Vest IKS
- ✓ Haugaland Vekst IKS
- ✓ Haugalandspakken AS

Kontrollutvalet vel sjølv i kva rekkefølge det vert gjennomført kontroll med dei prioriterte selskapa.

Det vert gjort framlegg om at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i plan for selskapskontroll i planperioden 2016-2020. Med slik delegert mynde vil kontrollutvalet i perioden 2016-2020 ha moglegheit til å velje å gjennomføre kontroll med *andre* selskap enn dei som er prioritert i planen her, det vert synt til analysen av selskap som er vedlagt.

RETNINGSLINJER FOR SELSKAPSKONTROLL I**TYSVÆR KOMMUNE**

Vedtatt av Tysvær kommunestyre 28.03.06, sak 16/06,

evaluert fyrste gong 17.02.09, sak 3/09, andre gong 18.12.12, sak 90/12, tredje gong 21.06.16, sak xx/16

1. Selskapskontroll vert gjennomført i tråd med Lov om kommunar og fylkeskommunar § 80 og forskrift om kontrollutval kapittel 6.
2. Selskapskontroll vert gjennomført i samsvar med gjeldande Plan for selskapskontroll som vedtatt i kommunestyret. Plan for selskapskontroll vert vedtatt av kommunestyret minimum ein gong kvar valperiode, og kan justerast oftare dersom dette er naudsynt.
3. Kontrollutvalet har ansvar for å sikre at selskapskontroll vert gjennomført i tråd med desse retningslinjene.
4. Kontrollutvalet får delegert mynde til å kjøpe selskapskontroll i samsvar med den vedtekte planen og kan dessutan gjere mindre endringar i Plan for selskapskontroll dersom det er føremålstenleg og kostnadseffektivt (for eksempel ved samordning med andre eigarkommunar).
5. Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om selskapskontroll skal omfatta rein eigarskapskontroll eller om kontrollen også skal omfatta forvaltningsrevisjon.
6. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret om utført selskapskontroll. Rapportering skal gjerast etter gjennomført selskapskontroll i det enkelte selskap. Samlerapport om utført og igangsatt selskapskontroll vert rapportert årleg gjennom kontrollutvalet si årsmelding.
7. Kontrollutvalet sitt sekretariat skal sørge for at selskap som er aktuelle for eller omfatta av Plan for selskapskontroll får naudsynt kjennskap til kva selskapskontroll omfattar.
8. Innkalling med sakliste og sakspapir til representantskapsmøte og generalforsamling i selskap som er aktuelle for selskapskontroll skal sendast kontrollutvalet sitt sekretariat og kommunen sin valde revisor samtidig som innkalling vert sendt ut til dei faste medlemma av representantskapet og generalforsamlinga.
9. Kontrollutvalet avgjer sjølv korleis kontrollutvalet si deltaking på representantskapsmøte og generalforsamling skal gjennomførast. Kontrollutvalet kan samordne slik deltaking med andre eigarkommunar dersom dette er føremålstenleg.
10. Selskap som er aktuelle for selskapskontroll skal årleg sende kopi av oppdatert firmaattest til kontrollutvalet sitt sekretariat. Nyetablerte selskap sender kopi av firmaattest når denne føreligg. Selskapa skal også sende kopi av selskapet si årsmelding og revisorattestert årsrekneskap når dette føreligg.
11. Selskapskontroll vert gjennomført av den kontrollutvalet gjer i oppdrag å gjennomføre selskapskontroll.
12. Disse retningslinjer trer i kraft når kommunestyret har slutta seg til dei. Retningslinjene skal reviderast ved endringar i Lov eller forskrift og evaluerast samtidig med revidering av Plan for selskapskontroll.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	23.05.16	12/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 23.05.16**Vedlegg:**

17. Statusrapport pr. mai 2016
18. K-styrevedtak 12.04.16, sak 14/16 – Forvaltningsrevisjonsrapport – Internkontroll
19. Signert avtale – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
20. Kontrollrapport 2015 fra Skatteetaten – skatteoppkrevjarfunksjonen- Tysvær kommune
21. Framlegg til ny kommunelov - NOU 2016 :4 Ny kommunelov
22. Kmd - høyringsbrev – frist 06.10.16 for uttale
23. Representantskapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
24. Representantskapsmøte 27.04.16 – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
25. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
26. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
27. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
28. Representantskapsmøte 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
29. FKT-konferansen 7.-8. juni – Karsten A. Larsen påmeldt

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene nr 17 – 29 blir tatt til orientering.

Aksdal, 13.05.16

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



Kontrollutvalet i Tysvær

Statusoversikt mai 2016

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Selskapskontroller					
Andre saker					
Overordna analyser, FR og SK	01.12.15, sak 24/15	Fast pris	Ferdig	april 2016	KPMG

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandling i KU	Behandling i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	01.12.15, sak 24/15	23.05.16, sak 8/16	21.06.16, sak xx/16	De neste fire år	KPMG AS
«Internkontroll»	03.02.15, sak 3/15	01.09.15, sak 15/15	12.04.16, sak 14/16	6 mnds frist, hausten 2016	210 t
Selskapskontroll					
Plan for selskapskontroll 2016-2020	01.12.15, sak 24/15	23.05.16, sak 9/16	21.06.16, sak xx/16	De neste fire år	KPMG AS
